

Årsrapport 2021

Møre bispedømme



DEN NORSKE KYRKJA

INNHALD

DEL 1 – LEIARVURDERING	3
A Overordna vurdering av den samla aktiviteten i bispedømet	3
B Om ressursutnyttinga	4
DEL 2 – INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	5
Overordna mål	6
A Nøkkeltal pr. prosti og totalt	6
A Utvalde volumtal	7
C Nøkkeltal frå årsrekneskapen	7
DEL 3 – ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	8
Samandrag av resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2018	8
Resultat og måloppnåing etter resultatmål og nøkkelindikatorar	
Hovudmål 1 Gudstenesteliv	10
Hovudmål 2 Dåp og trusopplæring	15
Hovudmål 3 Kunst og kultur	21
Hovudmål 4 Kyrkje og samfunn	23
Hovudmål 5 Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid	32
Hovudmål 6 Kyrkja er ein demokratisk og velfungerande organisasjon	35
Biskopen si verksemd	39
DEL 4 – STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	41
A HMS/Arbeidsmiljø	42
B Likestilling	42
C Vurdering av risiko for misleghald	44
DEL 5 – VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	45
DEL 6 – ÅRSREKNESKAPEN	50
Leiinga sine kommentarar inklusive rekneskapsrapportering	

Om tala: Kjelder og tal brukt i denne årsrapporten er henta frå Statistikkhefte utarbeidd av Kyrkerådet med tal frå SSB, medlemsregisteret for Den norske kyrkja, Løns og personalsystemet Aditro og rapporteringsmodul for trusopplæring. Eigne tal for Møre bispedøme, SSB og Fylkesstatistikk for Møre og Romsdal er også brukt.

Framsidedfoto: Jubileumsgudstenesta i samband med 60 år for kvinnens presteneste blei feira i Molde domkirke onsdag 10. november 2021. **Foto: Siri-Ann Oterhals Storhaug**

DEL 1 – LEIARVURDERING

A Overordna vurdering av den samla aktiviteten i bispedømet

Møre bispedøme har, saman med Den norske kyrkja, ein visjon om «Meir himmel på jord» og at «Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus ved å vere vedkjennande, open, tenande og misjonerande».

2021 har i likskap med 2020 vore eit år som har hatt ei utfordrande ramme. Visjonen gjeld, sjølv i møte med ei tid prega av smittevern. Grenser i føresetnadar og vilkår er vi blitt vande til. No ligg utfordringane til å definere den nye kvardagen når grenser ikkje lenger gjeld på same måte. Det utfordrar oss som enkeltmenneske og som fellesskap – som tilsett, folkevald og som leiarskap.

Medlemsundersøkinga i 2021 viser at medlemmene i Møre framleis har ei sterk tilknytning til og sluttar opp om kyrkja. Det viser seg igjen i konkret oppslutning om dåp, konfirmasjon og gravferd, som er blant dei høgste samanlikna med andre bispedøme. Pandemi har vore ei sterk grense for feiring av fysiske gudstenester både i høgtider og i kvardagar. Sjølv om nokre dels er kompensert for med gjennomføring og deltaking i digitale gudstenester, ser vi dette igjen statistikkutviklinga for 2021. Det vart gjennomført fleire gudstenester, men i snitt med færre deltakar. Mange av desse var reine dåpsgudstenester.

Det står att å sjå om den viljen til deltaking som kjem fram i medlemsundersøkinga kan bli til aktiv handling, eller om det må bli sett inn nye tiltak. Bispedømerådet har fordelt 1,7 mill. kroner i ekstra tilskot til kyrkjelydar som har ønskt å gjere tiltak for å opne opp igjen etter pandemien. Desse midlane er nytta til konsertar og kulturtiltak, diakonale tiltak frå bålpanner som treffpunkt til seminar om sorg, digitale produksjonar, utvikling av gudstenester, medarbeidarsamlingar o.l.

Det digitale nærværet har auka, og kyrkja er meir synleg i det offentlege rommet. Det har ført til at bispedømet har auka personalressursar med fokus på kommunikasjon og digitalisering. Dei digitale møta er vi blitt vande til. No er det tid for å utvikle desse møteplassane vidare på tvers av geografi og fagområde.

Trusopplæring, diakoni og kunst- og kulturfeltet er særleg hardt råka av Covid-19-situasjonen. Vi har arbeida for å stimulere desse felta og det har gitt resultat. I 2021 er det til dømes auke på 60% i deltakarantal på konsertar/arrangement i kyrkjelydane,

Etter ny lov om trussamfunn, oppheving av dei kyrkjelege særlovene og Den norske kyrkja som sjølvstendig(e) rettssubjekt, er kyrkja si rolle som aktør i det sivile samfunnet endeleg. Som kyrkje vil vi samskaping med offentlege og private aktørar, til beste for lokalsamfunn og nasjon.

Arbeidet med kyrkjeleg organisering har òg hatt fokus. Informasjon og møteverksemd i alle prosti og i møte med dei kommunale regionråda har bidratt til engasjement og god oppslutning om høyringsprosessar. Biskopen har og hatt dette som tema i møte med ordførarar i alle visitasar. Gjennom høyringane ser vi at lokalsamfunna stadfestar at kyrkja har ei viktig rolle. Det har vore auka fokus på psykisk helse og langtidsverknader av smittevern, besøksforbod, einsemd og arbeidsløyse. Diakonien har vore løfta opp, og det ligg til rette for samhandling mellom kommunen, frivillige organisasjonar og kyrkja på lokalt nivå.

På regionalt nivå har deltaking i fylkesberedskapsrådet v/statsforvaltaren vore gjensidig viktig for samordning og informasjon. Kyrkja og innsatseiningane har framleis eit godt samarbeid.

Kampen for fred, rettferd og vern om skaparverket har vore viktige element både for kyrkje og samfunn. I FN er dette no konkretisert gjennom berekraftsmåla. Biskop og bispedømeråd vil gjere det tydeleg korleis kyrkja i Møre bidrar – og forsterke vårt bidrag til å realisere berekraftmåla.

Det er gjennomført arbeidsmiljøundersøking retta mot kvinner i presteteneste og medarbeidarundersøking retta mot alle kyrkjelege tilsette. Desse undersøkingane, saman med arbeidsmiljøundersøking for LHBT+ i 2020, gir eit godt grunnlag for å arbeide vidare med planar og tiltak for likestilling, inkludering og mangfald og eit godt og trygt arbeidsmiljø for alle. Vi er glade for at det i Møre bispedøme blei gjennomført stiftsdagar der alle kyrkjeleg tilsette var invitert.

Rekrutteringssituasjonen i bispedømet er framleis utfordrande, både til kyrkjeleg utdanning og til kyrkjeleg teneste – tilsette og frivillige. Vi ser no ein effekt av at fleire i Møre bispedøme tar utdanning til å bli prest samstundes som dei gjer teneste i vakante stillingar. Vi ser allereide den gode effekten av at desse framstår som rollemodellar. Vi trur dette vil gjere rekrutteringssituasjonen lettare for bispedømet dei neste åra. Vi ser dessutan at godt ungdomsarbeid bidrar til rekruttering, og ønskjer å understøtte kyrkjelydane i dette, i tillegg til bispedømet sitt arbeid med ungdomsdemokrati.

B Om ressursutnyttinga

Møre bispedøme var for 2021 tildelt kr 112 mill. 78 mill. (ikkje medrekna pensjon) av midlane er nytta til drift og løn til 89 årsverk, der presteteneste utgjør 78 årsverk. Kr 32,1 mill. av tildelinga er tilskotsmidlar, der 20,3 mill. går til tilskot til trusopplæring i kyrkjelydane. 12,1 mill. går som tilskot til 17 stillingar innan diakoni og 11 stillingar innanfor undervisning i kyrkjelydane. Elles er 502.000,- til ulike tiltak i kyrkjelydane (Vekstmidlar) finansiert via OVF-tilskot.

Møre bispedøme går i rekneskapsmessig balanse i 2021. Det er gjort nokre justeringar mellom enkelte budsjettpostar gjennom året. Frå tidlegare år er det eit akkumulert overskot. Dette akkumulerte overskotet er det ei plan for å bruke i løpet av dei to neste åra.


71,5% av ressursane som bispedømerådet forvaltar er driftsmidlar. Resterande 28,5% er tilskotsmidlar. 88% av budsjettet går til løn. Ser vi verdien av løn til prestestillingar i samanheng med tilskot til trusopplæring og stillingar innan diakoni/ undervisning, så har det i 2021 gått 92,7 mill. eller 82,6% av dei tildelte ressursane til stillingar i den lokale kyrkja i Møre.

I Møre bispedøme er det 95 sokn, og variasjonane mellom sokna er store, både geografisk og demografisk. Avgjerd om fordeling av ressursar i bispedømet blir gjort av bispedømerådet.

Molde, 11. mars 2022



Ingeborg Midttømme
biskop




Ann-Kristin Sørvik
leiar

DEL 2 – INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Møre bispedømme er i geografi samanfallande med Møre og Romsdal fylke som etter kommunereforma har 26 kommunar. Møre biskop og Møre bispedømeråd er del av rettssubjektet Den norske kyrkja og er på nærare bestemte område også underlagt Kyrkjemøtet. På lokalt nivå er soknet rettssubjekt, representert ved sokneråd og kyrkjeleg fellesråd.

Møre bispedømme er eitt av Den norske kyrkja sine 11 bispedømme. Bispedømmet vart oppretta i 1983, og er det yngste bispedømmet i Noreg. Det vart til ved ei deling av bispedømna Nidaros og Bjørgvin. Bispedømerådet i Møre har 10 medlemmer (7 leke, 1 prest, 1 lek kyrkjeleg tilsett og biskop), som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet. Biskopane utgjer til saman Bispemøtet. Møre bispedømme er inndelt i 6 prosti, 26 fellesråd og 95 sokn.



Møre biskop og Møre bispedømeråd er kvar for seg formelle kyrkjelege organ, med felles administrasjon lokalisert i Molde og med stiftsdirektøren som dagleg leiar.

Bispedømerådet skal ha merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nærme det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal også fremme samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømmet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og fengselsprestar.

I tillegg er bispedømerådet gitt arbeidsgjevvarmynde for dei tilsette på bispedømekontoret. Biskopen leiar prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette i bispedømet.

2.1 Overordna mål

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei måla og føringane som er gjevne av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet, strategiplan 2019 - 2021 og årsplanen for Møre bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

A. Nøkkeltal

Tabell 2.1.1: Kyrkjemedlemmer og innbyggjarar fordelt på prostia 2019 - 2021

Prosti	Medl 2021	Medl 2020	Medl 2019	Diff medl 2020-2021	Diff medl 2019-2020	Diff medl 2018-2019	Tal innbyggjarar 2021	Tal Innbyggjarar 2020	Tal innbyggjarar 2019	Diff innb 2020-2021	Diff innb 2019-2020	Diff innb 2018-2019
Molde domprosti	38339	39092	36072	-753	3020	2760	48807	48709	47019	98	1690	3422
Søre Sunnmøre	38616	39191	37883	-575	1308	-271	49557	49712	48360	155	1352	-41
Austre Sunnmøre			16887	-	16887	-189	-	-	21730			-98
Nordre Sunnmøre	72425	73696	55902	-1271	17794	17	99774	99165	75803	609	23362	753
Indre Romsdal	11130	11431	13868	-301	-2437	-147	13955	13984	16929	-29	2945	-50
Ytre Nordmøre	26960	27626	27494	-666	132	-3264	35345	35503	35810	-158	-307	-3433
Indre Nordmøre	15174	15470	18586	-296	-3116	-181	18410	18471	22176	-61	-3705	-146
Sum alle prosti	202644	206506	206692	-3862	-186	-1275	265844	265544	267641	614	-2097	221

Tabell 2.1.2: Inn- og utmeldingar 2018 - 2021

Prosti	Inn-meldte 2021	Inn-meldt 2020	Inn-meldte 2019	Endr innm 2020-2021	Endr innm 2019-2020	Endr Innm 2018-2019	Ut-meldte 2021	Ut-meldte 2020	Ut-meldte 2019	Endr utm 2020-2021	Endr utm 2019-2020	Endr Utm 2018-2019
Molde domprosti	23	11	29	12	-18	10	144	117	135	27	-18	37
Søre Sunnmøre	24	12	33	12	-21	8	148	103	136	45	-33	41
Austre Sunnmøre		-	13	12	-13	1		-	45	-	-45	4
Nordre Sunnmøre	50	47	23	3	24	-6	248	202	228	46	-26	91
Indre Romsdal	5	6	17	1	-11	14	37	28	38	9	-10	12
Ytre Nordmøre	13	18	19	-5	-1	11	109	89	111	20	-22	19
Indre Nordmøre	6	4	20	2	-16	16	59	39	36	20	3	-2
Sum alle prosti	121	98	154	25	-56	54	745	578	729	167	-178	203

B. Utvalde volumtal

Tabell 2.1.3: Volumtal for gudstenester og kyrkjelege handlingar

Møre bispedøme	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Tal døypte	1706	1496	1755	1687	1905	1872	2 175
Tal konfirmerte	1780	1623	2528	2469	2502	2 688	2 738
Tal kyrkjelege vigslar	230	276	370	404	427	419	479
Tal kyrkjelege gravferder	2025	1981	2152	2126	2129	2 129	2 198
Tal gudstenester totalt	3028	3040	3697	3714	3749	3 765	3 668
Samla tal gudstenestedeltakarar	156985	162622	353667	366697	371274	387952	388 863

B. Nøkkeltal frå rekneskapen

Tabell 2.1.4: Nøkkeltal frå årsrekneskapen

Nøkkeltall for årsregnskapet	2018	2019	2020	2021
Antall årsverk	87,1	82,3	82,6	88,9
-herav prestatjeneste	73,5	73,2	71	76,5
Samlet tildeling budsjettgruppe 1	76 350	77 848	75 703	78 050
Netto driftskostnader	74 288	75 601	71 670	78 044
Lønnsandel av driftskostnader	90,9 %	89,7 %	92,0 %	88,0 %
Andel lønn brukt i prestatjenesten	79,9 %	78,7 %	81,3 %	78,3 %
Lønnskostnader pr årsverk	776	824	798	773

Tal som gjeld prestatenesta er inkl. biskopen.

Lønnsdel og lønnskostnader er inkl. andre personalkostnader (kontogruppe 59*).

DEL 3 – ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

Innleiing

Overordna vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk

Hovudmålet er å støtte opp under Den norske kyrkja i samsvar med Grunnlova § 16:

«Alle Indvaanere av Riget have fri Religionsøvelse. Den norske Kirke, en evangelisk-luthersk Kirke, forbliver Norges Folkekirke og understøttes som sådan af Staten...»

Dei fire hovudmåla som Møre bispedøme har arbeidd etter går fram av statsbudsjettet vedtatt av Stortinget:

- Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje.
- Den norske kyrkja skal ha oppslutning som stadfester karakteren som folkekyrkje.
- Den norske kyrkja skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte barn.
- Den norske kyrkja skal vere organisert i samsvar med demokratiske prinsipp og verdjar

Møre bispedømeråd hadde desse satsingsområda i 2021:

Dåp - Rekruttering - Kyrkje på nett.

Møre bispedømeråd hadde desse fokusområda i 2021:

Diakoni - Kultur (inkl. kystpilegrimsarbeid) – Frivilligheit - Kyrkja i det fleirkulturelle samfunnet/dialogarbeid - Skule/Kyrkje-samarbeid.

Som grunnlag for vurdering av måloppnåing har Kyrkjerådet definert nærare resultatmål med tilhøyrande indikatorar slik:

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring
3. Kunst og kulturuttrykk
4. Kyrkja engasjerer seg i samfunnet
5. Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid

3 A - Bispedømet sin samla aktivitet i 2021. Samandrag av resultat, måloppnåing og ressursbruk.







I Møre bispedøme er det i 2021 gjennomført 3194 gudstenester, 1706 dåpshandlingar, 2518 konfirmasjonar, 253 vigslar og 2110 gravferder.

Til dette er det nytta 76,5 årsverk i presteneste i tillegg til kyrkjelydane sine eigne personalressursar og frivillige. I tillegg er det brukt ressursar til kyrkjeleg administrasjon for å understøtte dei kyrkjefaglege og personalfaglege områda for kyrkjelydar og for biskop og bispedømeråd med til saman 12,4 årsverk.

I kapitla framover vil vi gå nærare inn i resultatmåla for dei enkelte områda, vurdere måloppnåing og gjere greie for tiltak og eventuelle endringar i tiltak og strategi. Ei samla oversikt over mål, nøkkelindikatorar og endring frå 2020 til 2021 står under:

Oversikt over utvikling utvalde resultatmål 2019 – 2021 Møre bispedøme

Strategiske mål:	Resultatmål:	Nøkkellindikator:	2019	2020	2021	Endr 2020-2021	
1. Gudstenestelivet blomstrar	1. Vekst i antal deltakere pr. gudsteneste.	Gudstenestedeltaking antal deltakere	96,6	53	51	-2	
		Gudstenestefrekvens	46,5%	42%	46%	4 pstp.	
	2. Fleire vel kyrkjeleg vigsel.	Tal vigslar	370	276	253	- 8%	
	3. Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd blir halde oppe.	Tal kyrkjelege gravferder	2152	1981	2110	7%	
2. Fleire søker dåp og trusopplæring	1. Oppslutninga om dåp blir halde oppe.	Tal døypte barn	1701	1552	1706	3,6%	
		2. Oppslutninga om trusopplæringstiltaka er stabil.	Deltakardel i utvalde, landsomfattande tiltak	52%	54%	57%	3 pstp.
	3. Oppslutninga om konfirmasjon blir halde oppe.	Konfirmerte av døypte 15-åringar	91%	85%	86%	-2,4%	
3. Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkjelivet	1. Vekst i tal deltakere på konsertar og kulturarrangement	Tal deltakere på konsertar/kulturarrangement i kyrkjene	99.461	19.186	30.604	60%	
		2. Fleire opne kyrkjer	Tal opne kyrkjer	39	45	46	2%
4. Kyrkja engasjerer seg i samfunnet	1. Fleire kyrkjelydar med diakonal betening	Del kyrkjelydar med diakonal betening	51%	46,3%	56%	9,4% pstp.	
	2. Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg	Tal kyrkjelydar med tilbod i samband med integreringsarbeid	20	11	15	36%	
	3. Arbeid med religionsdialog blir styrkt.	Tal fora for religionsdialog	0	1	2	1	
	4. Kyrkja sitt digitale nærvær aukar.	Tal SoMe-kanalar. Tal følgjarar pr. kanal og postar pr. veke pr. kanal	14.669	18.285	20.000	11%	
	5. Kyrkja er synleg på fleire arenaer i det offentlege rom.	Tal artikkeltreff på 'Dnk' i radio, TV, print, nettaviser. Tal frukostseminar/anna	3254	2829	2859	30	

	6.Samarbeidet kyrkje/skule blir styrkt.	Tal barnehage- og skulegudstenester	270	152	102	-33%	
5. Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid	1.Rekruttering til vigsla stillingar blir styrkt.	Tal vigslingar	6	8	3	-5	
	2.Flere blir engasjerte til frivillig teneste i kyrkja.	Tal frivillige	6354	4868	4933	1,3%	
	3.Kyrkjelege medarbeidarar trivst i jobben.	Sjukefråvær	3,1%	5,8%	4,4%	-25%	
	4.Tilbod for unge i kyrkjelydane blir styrkt.	Antal tilbod 13-17 år Antal tilbod 18-30 år	47 7	39 10	110 5	71 -5	 

3 B - Resultat og måloppnåing 2021

HOVUDMÅL 1: Gudstenesteliv

Resultatmål 1.1: Vekst i talet på deltakarar pr. gudsteneste

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A. At kristen tru og kristent liv regelmessig blir fremja gjennom gudstenester, kyrkjelege handlingar, sjelesorg og vegleing
- B. At born kjenner seg heime

Dei viktigaste tiltaka:

- A. God leiing av prestetenesta gjennom prost og i vegleing frå bispedømerådskontoret.
- B. Fokus på inkludering i gudstenesteførebuinga
- C. Revisjon/godkjenning av lokal grunnordning
- D. Stimulere til bruk av nye kommunikasjonskanalar

Måloppnåing ved nøkkelindikatorar: Gudstenestefrekvens/deltaking:

Tabell 3.1.1 Tal gudstenester og gudstenestedeltaking, søn- og heilagdag

	Gudstenester søn- og heilagdag				Deltakarar på søn- og heilagdag				Gj.snitt tal deltaking			
	2019	2020	2021	% endr	2019	2020	2021	% endr	2019	2020	2021	% endr
Bispedømme												
Møre bispedømme	2 897	2 356	2 588	10 %	268 370	127 841	130 290	2 %	93	54	50	-7 %
Alle bispedømmer	44 803	38 024	39 500	4 %	3 994 221	1 927 050	1 842 574	-4 %	89	51	47	-8 %

Tabell 3.1.2 Gudstenestedeltaking, alle gudstenester

	Gudstjenester, alle dager				Deltakere, alle dager				Gj.snitt antall deltakere			
	2019	2020	2021	% endr	2019	2020	2021	% endr	2019	2020	2021	% endr
Bispedømme												
Møre bispedømme	3 697	3 040	3 194	5 %	353 667	163 250	164 450	1 %	96	54	51	-4 %
Alle bispedømmer	60 166	48 483	49 699	3 %	5 249 069	2 360 703	2 293 805	-3 %	87	49	46	-5 %

Tabell 3.1.3 Gjennomsnittleg gudstenestefrekvens på søn- og helgedagar

Bispedømme	Antall sokn*	Gudstjenester på søn- og helligdager	Frekvens
Møre bispedømme	92	2 588	46 %
Alle bispedømmer	1140	39 500	57 %

*Tal sokn som har levert statistikk

I 2021 blei det over heile bispedømmet satsa vidare på **digitale gudstenester**, altså gudstenester berre synt på digitale flater (i dette høvet Facebook og Youtube).

Tabell 3.1.4

Bispedømme	Antal digitale gudstenester november	Antal deltakarar november	Antal gudstenester desember	Antal deltakarar desember	Intervall antal gudstenester	Intervall antal deltakarar	Berekna antal deltakarar (snitt)
Møre 2021	9	1271	29	6268	(186;286)	(28 440; 42 562)	35 501

Som ein ser frå tabellen, når ein ut til langt fleire mottakarar digitalt enn ved tradisjonelt oppmøte. Digitale arrangement har eit stort potensiale. Etter at koronarestriksjonane er oppheva og folk kan møtast fysisk igjen, kan ein risikere at den digitale satsinga blir nedprioritert.

Tala for “strøyma gudstenester” 2021 ser slik ut:

Møre		Tal gudstenester: 174	Tal digitale deltakarar: 34 711
------	--	-----------------------	---------------------------------

Desse tala viser at 174 gudstenester med fysisk oppmøte også vart strøyma på Facebook og YouTube. Totalt var 34.711 brukarar innom sendinga.

Ressursbruk:

Personellsituasjonen har vore stabil. Ved vakante stillingar har ein ved hjelp av pensjonerte prestar, prestar under utdanning og leke gudstenesteledarar gjennomført dei gudstenestene det er planlagt for. Gjennom store deler av året har ansvar for smitteverntiltak vore ein del av oppgåvene som den tilsette staben har hatt ansvar for.

Frivillige medarbeidarar har ei sentral rolle i gudstenestefeiringa. Fallet i talet på frivillige medarbeidarar i planlegging og gjennomføring av gudstenestene frå 2019 til 2020 var derfor bekymringsverdig. I statistikken for 2021 ser ein ein lita auke på 6%. Kyrkjelydane rapporterer at det no er 2401 frivillige medarbeidarar involvert i gudstenestefeiringa i Møre bispedømme.

Vurdering av måloppnåing:

I 2021 vart det feira 3194 gudstenester i Møre bispedømme, 2588 av desse på søn- og heilagdagane. Dette er ein lita auke på 5% i høve til fjoråret, men ein er likevel ikkje tilbake der ein var i 2019. Det er ein auke i gudstenestefrekvensen, den ligg no på 46%, og det kan vere grunn til å glede seg over at den dramatiske nedgangen frå 2020 ikkje held fram i same retninga. Gjennom koronapandemien har det vore sterkt fokus på å fremje kristen tru og kristent liv gjennom gudstenestefeiringa. Friluftsgudstenester i snøstorm, drive-in gudstenester og kyrkjevandringar. Dette, saman med den digitale satsinga, viser at kyrkjelydane og stabane i Møre har vist stor kreativitet i arbeidet med å forkynne evangeliet dette året. Kyrkja si digitale satsing er beskrive i eige punkt, sjå pkt 4.4.

Det har vore arbeidd med eit prosjekt for kyrkjelydsutvikling, og det er sett ned ei gruppe som har fokus dette. Bispedømerådet har sett av 70.000 kroner til å gjennomføre eit pilotprosjekt, der målsetjinga er leiarutvikling: Ein vil dyktiggjere sokneprestar og kyrkjevevjer / daglege leiarar til å arbeide strategisk med å utvikle arbeidet i kyrkjelydane.

Gjennom 2021 vart det arbeidd med revisjon og godkjenning av lokale grunnordningar i kyrkjelydane. Det vart nedfelt kriterium for kva dispensasjonar som kunne godkjennast, og oppretta eit team som gjekk gjennom søknadane om dispensasjon.

Det har vore eit viktig mål at fleire barnefamiljar finn seg til rette i kyrkja. Hovudoverskrifta over stiftsdagane 2021 var “Kyrkje på nye måtar”. Gjennom ulike tema vart det sett fokus på fornying av det kyrkjelege arbeidet. Blant anna eit foredrag om “Messy Church”, som nokre av gjestene frå venskapsbispedømet i Newcastle heldt.

Av dei 3194 gudstenestene i bispedømet, var 1065 av gudstenestene gudsteneste med dåp. Dette er ein auke på 87 gudstenester frå året før. Gjennom pandemien er det kjent at det har vore gjennomført fleire mindre dåpsgudstenester med eitt eller to dåpsfølger i kvar gudsteneste. At ein på denne måten har gjennomført dåp også i periodar med nedstenging har vorte verdsett. Saman med forsøk på drop-in dåp kan mindre dåpsgudstenester vere med å senke terskelen for dåp. Samstundes er det viktig at ein frå kyrkjeleg hald er bevisst på at ein her kan stå i fare for å bidra til privatisering av dåpen. Dåp i hovudgudstenesta søndag formiddag stadfester på ein særskilt måte at den døypte blir ein del av kyrkjelyden. Dette aspektet kan ein miste i ei lukka gudsteneste for ein familie. Det er også eit ansvar for kyrkja som arbeidsgjevar å vere bevisst den belastninga det kan vere for prestar, kyrkjetenarar og kantorar å skulle vere tilgjengelege for dåpsgudstenester på laurdagar og utover ettermiddagen søndagar. At ein frå sentralt og regionalt hald vektlegg fellesskapsaspektet i dåpen er både eit kyrkjebyggjande tiltak og god personalpolitikk.

Møre bispedøme har 95 sokn. Medlemstalet varierer frå 64 medlemmer til 17900 medlemmer i soknet. 26% av alle sokn har under 500 medlemmer, 40% av alle sokn har under 1000 medlemmer.

Resultatmål 1.2: Fleire vel kyrkjeleg vigsel

Dei viktigaste suksessfaktorane:

At kyrkjeleg vigsel har høg kvalitet og relevans og er lett tilgjengeleg

Dei viktigaste tiltaka:

Utvikle fleksible og gode ordningar for vigslarane.

Måloppnåing ved nøkkelindikator:

Tabell 3.1.5 - Tal vigslar

Møre	Tal vigslar totalt	Tal kyrkjeleg vigsel	%-ending kyrkjeleg vigsel	Del deltakarar kyrkjeleg vigsel	%-ending
2019	855	370		27238	
2020	704	276	-25%	10685	-61%
2021	-	253	-8%	10965	3%

Tabell 3.1.6

Bispedømme	Antall vielser				Antall deltakere				Gj.snitt antall deltakere			
	2019	2020	2021	% endr	2019	2020	2021	% endr	2019	2020	2021	Endring, absolutt
Møre bispedømme	370	276	253	-8 %	27 238	10 685	10 961	3 %	74	39	43	5
Alle bispedømmer	6 214	4 394	4 729	8 %	401 752	181 963	209 417	15 %	65	41	44	3

Vurdering av måloppnåing:

Utan tal frå SSB er det vanskeleg å vurdere tilhøvet mellom tal for vigslar totalt og talet på kyrkjelege vigslar. Det er interessant å registrere om tilhøvet endrar seg.

Korona har ført til alarmerande nedgang i vigselstal. Samstundes har tala stabilisert seg noko etter den store nedgangen i 2020. Ein har også sett at mange kyrkjer har fleire bestillingar i 2022 enn tidlegare. Det er uråd å vurdere skiftande tal, utover den store nedgangen på vigslar i 2020.

Eventuelt endring av tiltak:

Det er ikkje planar om endra tiltak, ut over å gi tilslutnad til nasjonale kampanjar om drop-in-vigslar.

Resultatmål 1.3 Oppslutninga om kyrkjelege gravferder blir halden oppe

Dei viktigaste suksessfaktorane:

Kyrkja har høg kvalitet og relevans / tydeleg profilering av kyrkjeleg gravferd

Dei viktigaste tiltaka:

Vise at kyrkja si gravferdsordning er relevant og eit godt alternativ til andre gravferdsordningar.

-Måloppnåing ved nøkkelindikator:

Tabell 3.1.7 Tal gravferder

Møre	Tal døde i befolkninga	Tal kyrkjeleg gravferd	%-endring	Del kyrkjeleg gravferd
2019	2 290	2 152		95%
2020	2180	1981	9 %	90,9%
2021	2329	2110	-7%	90,6%

Vurdering av måloppnåing:

Framleis er det jamt over høg oppslutnad og høg kvalitet på kyrkjelege gravferder. Med tanke på at gravferd er mellom fokusområda for 2022, blir det spennande å sjå utviklinga når det etter pandemien blir jamn drift utan restriksjonar på deltaking.

Eventuelt endring av tiltak:

Bispedømmet endrar ikkje tiltak på dette punktet. Oppslutnaden er framleis høg og ikkje alarmerande for stoda i Møre bispedømme.

Resultatmål 1.4 Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Dei viktigaste suksessfaktorane:

Kyrkjelydane er bevisste på samiske merkedagar.

Dei viktigaste tiltaka:

Stimulere til at gudstenesta er tilgjengeleg på fleire språk.

-Måloppnåing ved nøkkelindikatorar:

Tabell 3.1.8

Bispedømme	gudstenester med samisk innslag		Tal sokn med samisk språk i ordning for gudstenesta	Tal sokn med samisk språk i lokal TOP	Tal sokn
	Tal sokn	Tal gudst.			
Møre 2019	3	3	0	0	96
Møre 2020	3	3	0	0	96
Møre 2021	4	5	13	5	95

Vurdering av måloppnåing:

Målet er delvis nådd. I samband med innføring av ny hovudgudsteneste er det i Ytre Nordmøre prosti og i domkyrkja bestemt at samisk liturgi skal takast i bruk i einskilde gudstenesteledd ved feiring av samisk nasjonaldag og ved høgtidsdagar.

Vidare er samiske ressursar tekne i bruk for trusopplæringa i sokna i Sunndal.

Medvitnet aukar i sokna på at fleire har samisk identitet. Nordmørs-prostia og Indre Romsdal prosti dekker også område som har innslag av samisk busetnad.

Eventuelt endring av tiltak:

Ein fører vidare prosessen i samband med justering av hovudgudstenesta. Ved innføring av ny lokal grunnordning er fleire sokn/kyrkjelydar utfordra til å arbeide inn element på samisk.

HOVUDMÅL 2: Dåp og trusopplæring

Resultatmål 2.1 Oppslutning om dåp blir halde oppe

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- a. At dåp er attraktivt og lett tilgjengeleg
- b. At kyrkja si lære om dåpen er kjent

Dei viktigaste tiltaka:

1. Legge til rette for open dåpsdag (drop-in-dåp)
2. Bidra til å standardisere og utvikle digital oppmelding til dåpstilbod gjennom dåpsgudstenester i heim eller kyrkje
3. Fullføre prosjektet «Kunnskapsløftet»
4. Bidra til å styrkje fokuset på dåpen for stab og råd
5. Bidra til å gjere ressursbanken.no kjent

Måloppnåing ved nøkkelindikator:

Tal døypte barn

Vurdering av måloppnåing:

Talet på døypte av tal fødde i Møre bispedømme har i 2021 gått opp med 6% (tabell 2,1). Møre bispedømme ligg også 9% over næraste bispedømme og 19% over landsgjennomsnittet (tabell 2,2) Dette er gledeleg og har nok årsak i fleire faktorar: historisk og kulturell forankring, tilgjengelegheit, dedikerte medarbeidarar og eit gradvis gjenopna samfunnet.

Tabell 3.2.1: Utviklinga i talet på døypte i Møre bispedømme:

Møre	Dåpskull*	Døypte	Dåpshandlingar	Døypte i eige bustadsokn	Døypte i anna bustadsokn	Del døypte
2017	2737	1925	2086	1347	739	71 %
2018	2621	1755	1878	1176	702	64 %
2019	2556	1701	1858	1199	659	67 %
2020	2487	1552	1641	1039	602	62 %
2021	2583	1706	1825	1198	627	66 %

Kjelde: Medlemsregisteret, Statistikkheftet SSB

*«Dåpskull» viser fødde. «Døypte» viser dei med adresse i Møre som vart døypte – uavhengig av bustadadresse i Noreg. «Dåpshandlingar» viser til kor mange dåp som er gjennomført i Møre – uavhengig av bustadadresse. Del døypte viser prosentvis døypte av tal fødde/ dåpskullet.

Dåpstala i Møre bispedøme har auka i 2021. Av alle fødte er det 66% som vert døypte i Dnk (tabell 2.2), og heile 90% av borna til medlemmar vert døypte. Det er ein svak skilnad i oppslutning om dåp blant medlemmane i by- og land-prostia (tabell 2,3). Uventa er det byprostia som har høgast oppslutning. Dette kan ha å gjere med gudstenestefrekvens og eit høgare tilbod om eigne dåpsgudstenester i dei meir urbane delane av bispedømmet.

Det er ein samanheng mellom talet på gudstenester, gudstenester med dåp og det faktiske talet som vert døypte. Tilbod om eigne dåpsgudstenester og open dåpsdag (drop-in-dåp) kan vere med å gjere kyrkja meir tilgjengeleg. Ved å legge til rette, forenkla og skape eit meir uforpliktande rom med fagleg kvalitet, kan dei som til vanleg ikkje føler seg heime i kyrkja oppleve at deira eksistensielle og åndeleg behov vert møtt. Det ein må ha i minne er balansen mellom fellesskap og «privatisering» rundt dåpen, opp imot ønsket om å kome dei som søker dåp i møte.

Fokus og eit systematisk arbeid i høve til dåp må prioriterast, og gode haldningar og kunnskap må innarbeidast. På eit overordna nivå er det behov for kunnskap om utviklingstrekk og haldning til dåp, og det må vere samanheng mellom dåp og trusopplæringstiltaka. Forventningar, kunnskap, kompetanse og ressursar må leggjast til rette og stimulere til god praksis. I tillegg til dette må ein arbeide liturgisk med ulike rammer og reflektere rundt tilrettelegging i hovudgudsteneesta, eigne dåpsgudstenester og erfaringsdeling. Pedagogisk må ein arbeide med dåpssamtalen, og korleis dåp vert tematisert i samband med trusopplæringstiltak. Ressursutvikling og erfaringsdeling i samband med dåpsopplæring for ungdommar og vaksne vil også vere viktig. Gjennom dette arbeidet må det vere eit mål at føresette får frimod og kunnskap om dåp, og eit møte med kyrkja som opplevest tilgjengeleg og relevant.

Resultatmål 2.2 Oppslutninga om trusopplæringstiltaka er stabil

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A. At trusopplæringsplanane blir utvikla og brukt
- B. At tiltaka i trusopplæringa er kjent
- C. Kvalitet i trusopplæringstiltaka

Dei viktigaste tiltaka:

- A. Utvikle gode lærings- og utviklingsmiljø på prostinivå
- B. Bidra til auka samhandling og samarbeid med dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane
- C. Understreke at dialog og kontakt med foreldre er viktig
- D. Stimulere til medviten og betre digital informasjon
- E. Stimulere til godt planarbeid, god planlegging og til rett bruk av ressursar (frivillige)

Måloppnåing ved nøkkelindikator:

- Tal gjennomførte tiltak og prosentvis deltaking

I 2021 var det ein svak auke i gjennomførte trusopplæringstiltak og ein nedgang i tiltak som blei avlyste pga. korona (tabell 2,4). Kanskje har dette si årsak i opparbeid kompetanse og erfaring på smittevern, evne til å replanleggje raskt og auka tryggleik i befolkninga på at smittevern blir følgt.

Det er flott å sjå at fleire einingar har vore kreative og endra undervisninga, og også samarbeidd på tvers av soknegrensene. Fleire melder at dei ønskjer meir kunnskap om digital undervisning og korleis utnytte potensialet som ligg i digitale hjelpemiddel. Det er

omlag 50 % av sokna våre som har hatt digitale undervisningsopplegg/ digitale arr., konfirmantundervisning, trusopplæringsaktivitetar inkludert babysang (jf. planverktøyet for trusopplæring)

Tabell 3.2.2

TRUSOPPLÆRINGSTILTAK - GJENNOMFØRT OG AVLYST - I PROSENT AV TOTALT TAL PÅ TILTAK I AKTIV PLAN							
	Årstal	Gjennomført som planlagd	Gjennomført men endra pga. korona	Avlyst før gjennomføring	Avlyst pga. korona	Forsøkt gjennomført, men ingen deltakarar	Ikkje rapportert
Møre bispedømme	2021	64%	5%	9%	19%	3%	0%
Landsgjennomsnitt		61%	6%	5%	21%	3%	4%
Møre bispedømme	2020	52 %	7%	3%	34%	2%	1%
Landsgjennomsnitt		54%	9%	3%	30%	2%	1%
Møre bispedømme	2019	72%		21%		6%	1%
Landsgjennomsnitt		77%		17%		5%	1%

Måloppnåing ved resultatindikatorar: Deltakardel i utvalde, landsomfattande tiltak.

Kjelde: Planverktøyet for trusopplæring

Oppslutninga i dei sju utvalde tiltaka ligg stort over landsgjennomsnittet og har ei prosentvis høgare deltaking enn i 2020. Dette svarar til at tiltaka er kjende og at kvaliteten er så god at tiltaka «rykta seg» godt til neste årskull. Det som gleder mest er auken vi ser i oppslutning etter konfirmasjonen. Deltakinga i dåpssamtale/dåp ligg under landsgjennomsnittet. Dette må få større fokus.

Tabell 3.2.3

Bispedømme		Dåps-samtale	4 årsbok	Breddetil tak rettet mot 6 år	Tårn-agent-helg	Lys Våken	Kon-firmasjon	Etter Konf	Totalt
Møre	Medlemmer i målgruppe	1 758	1 926	1 713	1 592	1 662	2 520	638	11 809
	Deltakere	1 630	1 025	609	644	489	2 236	108	6 741
	Prosent	93 %	53 %	36 %	40 %	29 %	89 %	17 %	57 %
TOTALT	Med i målgruppe	24353	28195	24818	25459	30611	40448	25576	199460
	Deltakere	24286	10681	6995	6318	5699	31961	2612	88552
	Prosent	100 %	38 %	28 %	25 %	19 %	79 %	10 %	44 %

Gjennomsnittleg deltaking ved utvalde gjennomførte trusopplæringstilbod og del deltakarar av medlemmar i målgruppe. Kilde; Planverktøyet Trosopplæring, arbeidsrom Nasjonal rådgjevergruppe for trusopplæring og undervisning

Gjennomsnittleg tal timar trusopplæringstilbod i kyrkjelydane

Tabell 3.2.4

Bispedømme	Gjennomførte timer (gjennomsnitt)					Endring mot fjoråret			
	2017	2018	2019	2020	2021	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021
Møre	245,7	206,4	195,2	140,7	166,2	-39,3	-11,2	-54,5	25,5
Alle bispedømer	291,1	285,8	269,7	213,7	218,2	-5,3	-16,1	-56,0	4,5

Kilde: Planverktøyet Trosopplæring, arbeidsrom Nasjonal rådgjevergruppe for trosopplæring og undervisning

Tabell 3.2.5 Andre tiltak

	2020				2021				Endring mot i fjor	
	Unike deltager e under 18 år	Gjenno m førte tiltak	Gjenno mførte tiltak av rapporte rt tiltak	Unike deltaker e u. 18 pr. tiltak	Unike deltager e u. 18 år	Gjenno m førte tiltak	Gjenno mførte tiltak av rapporte rt tiltak	Unike deltaker e u. 18 pr. tiltak	Gjenno m førte tiltak	Unike deltaker e u. 18 pr. tiltak
Møre bispedøme	6 520	217	49 %	30	10 042	291	64 %	35	34 %	5
Alle bisped	82 160	3 083	61 %	27	90 522	3 170	62 %	29	3 %	2

Tabell 3.2.6 Andre tiltak, gjennomførte og ikkje gjennomførte, etter aldersgruppe

	Antall tiltak 0-5	Antall tiltak 6-12	Antall tiltak 13-17	Antall tiltak over 17	Antall deltakere 0-5	Antall deltakere 6-12	Antall deltakere 13-17	Antall deltakere over 17	Antall deltager e 18 og over
Møre	281	384	245	127	2956	4864	2236	0	0
Totalsum	2466	3653	2841	1688	25073	39462	26349	477	1964

Tabell 3.2.7 Gjennomførte og avlyste tiltak

	Antall gjennomført e tiltak		Antall avlyste tiltak		...herav pga. korona		Ikke rapportert		Totalsum		Andel avlyst		Andel avlyst pga. korona	
	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021	2020	2021
Møre	775	867	514	373	446	234	9		1298	1240	40 %	30 %	34 %	19 %
Alle bispedømmer	1140	1186	6503	5107	5488	3692	192	670	1810	1764	36 %	29 %	30 %	21 %

Vi vurderer at målsetting om stabil oppslutning om trusopplæringstiltaka er nådd. Dei fleste sokna er no i gang med å revidere trusopplæringsplanane med fokus på lokal tilpassing/forankring. Det vert spesielt arbeid med å lage gode målsette tiltaksomtalar til dei ulike tidsavgrensa tiltaka, og at desse vert lagt inn i planverktøyet. Slik vil det vere enklare for nyttilsette og frivillige å kunne gjennomføre / hjelpe til i trusopplæringsarbeidet. Det vert også arbeid med å skape eit tettare samarbeid med barne – og ungdomsorganisasjonane og då spesielt opp mot tweens / ungdom / unge vaksne-gruppa 13 – 30 år.

Både lokalt, i prostia og regionalt i bispedømmet vert det arbeid med erfaringsdeling og generell og spesiell kompetanseheving. I 2021 fekk «Kompetanseløftet» ei anna form, då oppslutninga kring dei prostivise høgskule-/universitetssamlingane var for låg. Vi har no månadlege digitale fagsamlingar med innleide forelesingsressursar, i tillegg til to årlege større fagdagar. I 2021 var fokuset teologiske vurderingar kring formidling av tekster til barn, dei sårbare barna og bruk av SoMe.

Eventuelle endring av tiltak

- Det er gjort avtale med utdanningsinstitusjonar om etterutdanning av kyrkjelydspedagogar. Her krev det kontinuerleg motivasjon og tilrettelegging for deltaking i tilbodet
- Sjå på strukturelle hindringar for gjennomføring av trusopplæringsplanane
- Gje tilbod om kurs knytt til digital kompetanseheving
- Vurdere kontinuerlege tiltak i høve til nye tiltak
- Sjå på samarbeidet med barne – og ungdomsorganisasjonane

Ressursbruk:

Møre bispedømme har ein tilsett undervisningsrådgjevar. Det vert gitt tilskot til alle kyrkjelydar i samband med trusopplæring, jf. del 6.

Resultatmål 2.3: Oppslutning om konfirmasjon blir halde oppe

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- At konfirmantundervisninga er relevant
- God marknadsføring av konfirmasjonstida

Dei viktigaste tiltaka;

- Utvikle medviten bruk av SoMe i undervisninga
- Bidra til auka fokus på leiartrening og organisering av frivillige
- Bidra til dialog og samarbeid med og mellom nabosokn og dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane som driv med ungdomsarbeid i lokalområdet.

Tabell 3.2.8

Konfirmasjonstid	2021			2020			2019			2018		
	Medl. i målgr.	Deltak (sum)	Andel i målgr	Medl. i målgr.	Del-takarar (sum)	Andel i målgr	Medl. i målgr.	Del-takarar (sum)	Andel i målgr	Medl. i målgr.	Del-takarar (sum)	Andel i målgr
Møre	2518	2160	86 %	2601	2209	85 %	2765	2521	91 %	2619	2370	90 %
Lands-gjennomsnitt	40448	31961	79 %	40992	32613	80 %	42141	34090	81 %	42314	34790	82 %

Kjelde; Planverktøyet Trusopplæring, arbeidsrom Nasjonal rådgjevargruppe for trusopplæring

Ressursbruk:

Konfirmasjon blir for ein stor del gjennomført av prestar. Det blir gitt tilskot til 10 kateketstillinger i Møre. I dei kyrkjelydane desse gjer teneste, blir konfirmasjonsundervisninga gjennomført av kateket i samvirke med prest. I mange kyrkjelydar blir fleire faggrupper involverte i arbeidet. Undervisningsrådgjevar gir råd og vegleiing. Den totale ressursbruken er ikkje berekna.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er nådd. Delen konfirmantar i Møre er mellom dei høgaste i landet. 90% av alle fødte i aldersgruppa vel kyrkjeleg konfirmasjon, med ein svakt fallande trend (tabell 2,6 og 2,7).

Vi ser at relasjon, nærleik og deltaking i kyrkjelydens arbeid, samt samarbeid på tvers av sokn, er ein nøkkel til oppslutning. Å bli sett, få ansvar og få moglegheit til å påverke er nøklar som ungdomane sjølv seier er viktige. Det er også viktig at dei lokale konfirmantplanane blir gjort skriftlege, at desse samsvarar med trusopplæringsplanane og klårgjer systematikk og plan i heile trusopplæringsløpet frå 0 – 18 år. Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane vil også kunne gje positive innsteg i konfirmantarbeidet. Sidan det ikkje lenger vert sendt ut informasjonsmateriell til alle fødte, vil det å arbeide med målretta og god marknadsføring vere vesentleg på fleire plan; til medlemmane, men også lokalt og regionalt i ulike informasjonskanalar og SoMe.

Resultatmål 2.4 Ungdom 13 –30 år

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- At kyrkja presenterer seg som relevant og ein stad der ein blir utfordra som menneske
- At unge opplever at der er plass for dei i kyrkja

Dei viktigaste tiltaka:

- Støtte lokal leiarutvikling
- Utvikle ungdomsdemokratiet
- Samhandle med organisasjonane i plattformen «Kirkens unge»

Måloppnåing ut frå nøkkelindikatorar:

Tal deltakarar på tilbod for 13-17 år/18-30 år

Tabell 3.2.9: Tilbod til unge 13-17 år, enkelttiltak og kontinuerlege

Møre bispedøme	2021				2020				2019			
	Antal breidde-tiltak etter konfirmasjon	Antal deltakarar	I mål-gruppa	Prosent-vis deltaking	Antal breidde-tiltak etter konfirmasjon	Antal deltakarar	I mål-gruppa	Prosent-vis deltaking	Antal breidde-tiltak etter konfirmasjon	Antal deltakarar	I mål-gruppa	Prosent-vis deltaking
15 - 18	16	110	2286	4,8%	17	70	2560	2,7%	24	158	3487	4,5%

Kjelde ; Planverktøyet for trusopplæring

Tabell 3.2.10: Tilbod til unge vaksne 18-30 år, enkelttiltak og kontinuerlege

År	Kontinuerlege tilbod for 18-30 år, tal			Enkelttilbod for 18-30 år, tal			Leiarkurs for 18-30 år, tal		
	2019	2020	2021	2019	2020	2021	2019	2020	2021
Møre bispedøme	7	0	5	14	12	5	4	0	4
Landsgjennomsnitt	301	269	385	195	148	187	102	79	81

Kjelde; SSB

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er ikkje nådd. Vi har for få tilbod og for låg oppslutning. Med bakgrunn i dei innrapporterte tala presenterer ikkje kyrkja seg som ein relevant stad med plass for dei unge. Dette må få fokus!

Ungdomstinget vart i 2021 avlyst pga. Covid-pandemien. I staden fekk Ungdomsrådet tilbod om retreat på Åkerlehaugen. Ungdommane hadde glede av å vere der. Plattformen for «Kirkens unge» har hatt to digitale møte i 2021. Dette er ein god arena for å dele erfaringar, bygge relasjonar og saman støtte opp om arbeidet kring ungdomsgruppa.

Ressursbruk:

Diakonirådgjever har sidan august 2021 røkta ungdomsdemokratiet, då Ungdomsrådgjeverstillinga er vakant og undervisningsrådgjever er gradert sjukemeldt.

Eventuell endring av tiltak:

- Få på plass ein rådgjever som arbeidar med og oppimot ungdomsdemokratiet.
- Vurdere fleire digitale møteplassar

HOVUDMÅL 3: Kunst og kultur

Resultatmål 3.1 Vekst i tal deltakarar på konsertar og kulturarrangement.

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A. Kyrkja i Møre har god kunst- og kulturkompetanse
- B. Kyrkja er ein aktiv forvaltar og fornyar av trus- og kulturarven

Dei viktigaste tiltaka:

- A. Rådgjeving og kompetanseheevande tiltak
- B. Markere Hans Nielsen Hauge-jubileet i samarbeid med kyrkjelydar og kulturlivet elles
- C. Styrkje kyrkjelydane langs pilegrimsledene i bispedømmet gjennom nettverksmøte og ressursgrupper
- D. Finansiering av kulturaktivitetar i kyrkjene, rådgjeving og tilskotsordning

Måloppnåing ved nøkkelindikatorar:

Talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene.

Tabell 3.3.1: Konsertar og andre kulturarrangement (SSB)

	Konsertar				Andre kulturarrangement			
	I regi av kyrkjelyden		I regi av andre		I regi av kyrkjelyden		I regi av andre	
	Tal	Deltakarar	Tal	Deltakarar	Tal	Deltakarar	Tal	Deltakarar
2019	364	42 244	276	48 984	69	5 725	19	1 975
2020	175	8 894	112	7 611	75	1 748	21	933
2021	187	10 800	133	14 783	59	4 134	15	887

Tabell 3.3.2: Konsertar og andre kulturarrangement (SSB) – deltakarar og endring i prosent

Totalt tal konsertar og kulturarrangement			Deltakarar konsertar og kulturarrangement			Prosent endring 2020-2021	
2019	2020	2021	2019	2020	2021	Tal på konsertar/ kulturarrangement	Tal på deltakarar
731	383	394	99 461	19 186	30 604	3%	60%

Ressursbruk:

Frå bispedømmerådet blir det i hovudsak brukt ei stilling i 100% som rådgjevar. Møre bispedømme fordelte i 2021 støtte til kyrkjelydane gjennom ordninga med vekstmiddel og OVF-tilskot. Mange kyrkjelydar fekk støtte til gjennomføring av konsertar og kulturarrangement.

Vurdering av måloppnåing:

Tal på deltakarar på konsertar og kulturarrangement har auka med 60% frå 2020 til 2021, medan auken i talet på konsertar og kulturarrangement er på 3%. Gjennomsnitts besøk ved arrangementa er auka frå 50 i 2020 til 78 i 2021. Slik sett kan ein seie at målsetjinga er nådd.

Det er gledeleg at langt fleire i 2021 fekk gode kulturopplevingar i kyrkjene enn i 2020. Men når ein samanliknar tala frå før pandemien ser ein at det er langt igjen før ein er på same nivå. For det kyrkjelege kulturlivet var 2021 også på veldig mange måtar eit annleis-år. Når ein ikkje kan samle koret sitt til øvingar og opptredenar, når konsertar, kulturkveldar og

festivalar ikkje kan finne stad eller blir arrangert med strenge restriksjonar, vil også tala bli påverka. Finansiering av kulturaktivitetar i kyrkjene i Møre er for ein stor del basert på publikumsinntekter. Dette påverka også i stor grad korleis kyrkjelydane og eksterne aktørar kunne planlegge og gjennomføre kulturarrangement. Møre bispedømmeråd gjorde eit viktig grep ved å etablere vekstmidlar våren 2020, ei tilskotsordning som hadde som mål å gje støtte til fysiske arrangement og tiltak i kyrkjene. Dette ga mange kyrkjelydar nødvendig grunnfinansiering til å kunne gjennomføre konsertar og kulturarrangement i ein krevjande situasjon. Markering av Hans Nielsen Hauge-jubileet var eit av dei prioriterte tiltaka dette året. Med støtte frå vekstmidlar, stimuleringsmidlar frå Kulturrådet og underskotsgaranti frå bispedømmerådet blei det gjennomført mange flotte arrangement i jubileumsåret, m.a. ein turne med framsyninga "Haugespor" i fire kyrkjer i bispedømmet, Hauge-helg i Molde domkirke, og eit stort Haugearrangement i Ålesund kyrkje.

I 2020 var det ei stor satsing på digitale kyrkjelege kunst og kulturproduksjonar i Møre, med visningstal på nærare 115 000 gjennom året. Tala frå 2021 er usikre og ufullstendige. Men inntrykket er at den digitale aktiviteten på dette feltet var vesentleg lågare, og vi har inntrykk av ein viss trøytteleik i den digitale satsinga. Det har også vore ei utfordring med finansiering av digitale produksjonar på eit høgt teknisk nivå, og med avgrensa moglegheiter for publikumsinntekter. I staden har ein sett ei utvikling med mange mindre og enklare produksjonar, der kyrkjelydane står for produksjonen sjølv.

Eventuell endring av tiltak:

Mykje tydar på at kunst- og kulturaktivitetane i kyrkjene også i 2022 vil bli prega av mykje usikkerheit. Sjølv om restriksjonane no for det meste er fjerna, kan det ta tid før mange vil oppleve det trygt å komme tilbake til kulturarrangement i kyrkjene på same måte som før pandemien. Det er også usikkerheit knytt til om publikum har endra vanar i løpet av denne perioden, som det vil ta tid å endre tilbake. Dette er det viktig å følgje opp frå bispedømmet si side. Ordninga med vekstmidlar er vedtatt vidareført i 2022, og dette vil vere ein viktig faktor for å understøtte kulturaktivitetar i kyrkjelydane i det som framleis vil vere ein gjenopningsfase. Korarbeidet har vore sterkt prega av alle restriksjonane dei siste to åra. Det vil vere ei viktig oppgåve å styrkje dette arbeidet i tida framover.

Resultatmål 3.2 Fleire opne kyrkjer

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A. Kyrkjebygg blir bevart og utvikla som identitetsbygg og annleisrom

Dei viktigaste tiltaka:

- A. Seminar om opne kyrkjer
 B. Kontakt med kyrkjelege fellesråd
 C. Utvikle pilegrimsledene i bispedømmet, Kystpilegrimsleia og Valldalsleden

Måloppnåing ved nøkkelindikator – Tal opne kyrkjer:

Tabell 3.3.3: Opne kyrkjer

Tal sokn med open kyrkje				Totalt tal dagar med open kyrkje			
2019	2020	2021	Endring i prosent 2020-2021	2019	2020	2021	Endring i prosent 2020-2021
39	45	46	2%	20 58	1 816	1 395	-23%

Tabell 3.3.4: Veg/pilegrimskyrkjer

Tal sokn med veg/pilegrims- kyrkje				Totalt tal dagar med veg-/pilegrimskyrkje			
2019	2020	2021	Endring i prosent 2020-2021	2019	2020	2021	Endring i prosent 2020-2021
10	6	4	-33%	418	95	411	333%

Vurdering av måloppnåing:

Målsetjinga er delvis nådd. Dei statistiske tala er usikre på dette feltet. Inntrykket er at kyrkjelydane er usikre på korleis statistikkskjemaet skal fyllast ut, og at det bør tydeleggjerast meir kva som blir etterspurt. Fleire av kyrkjene som er opne på dagtid er oppført med 0 i statistikkgrunnlaget, medan eit sokn har ført opp 365 dagar med veg/pilegrimskyrkje. Det ein kan fastslå er at det framleis er utfordringar på dette feltet. Pandemien har gjort at arbeid er blitt sett på vent.

Når det gjeld pilegrimsarbeidet i bispedømmet, kan vi slå fast at det langsiktige arbeidet som er gjort med å legge til rette for Kystpilegrimsleia og Valldalsleden no sakte, men sikkert ber frukt. Kyrkjelydane tek i bruk ledene meir og meir inn i sine tiltak ved å arrangere konfirmantvandringar, kveldsvandringar og ulike temavandringar. Etableringa av Regionalt pilegrimssenteret på Smøla i 2020 har bidratt mykje til å skape aktivitet og til å bygge nettverk mellom ulike aktørar på pilegrimsfeltet. Bispedømmet inviterte til fagdag for tilsette og frivillige ved kyrkjelydane på nøkkelstadane for dei to pilegrimsledene i bispedømmet. Møre bispedømme har forsøkt å stimulere fram ei bevisstheit om verdien av å ha opne kyrkjer lags ledene, både som ein del av kyrkja si teneste, og for turistar og pilegrimar i vår- og sommarsesongen.

Hausten 2021 starta arbeidet med audioguiding via appen Voice of Norway på nøkkelstadane til Kystpilegrimsleia i Møre og Nidaros. Dette er eit pilotprosjekt finansiert av fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Trøndelag. Frå 1. mars 2022 vil dette vere ei gratisteneste for besøkande også ved kyrkjene på nøkkelstadane, som det blir interessant å gjere erfaringar med. Ytre Nordmøre prosti har etablert eit studieopplegg for prostane i prostiet, med utgangspunkt i Roger Jensen si bok «Pilegrim», der målet er å utvikle ny pilegrimsteologi og pilegrimsforståing – med Kystpilegrimsleia som kontekst.

Eventuell endring av tiltak:

I arbeidet med å vidareutvikle pilegrimsledene i bispedømmet, er tilgang til opne kyrkjer ei av dei store utfordringane. Eit seminar med tema «Opne kyrkjer» var planlagt hausten 2021, men måtte avlysast. Seminaret vil bli forsøkt gjennomført i løpet av 2022. Ei prioritert oppgåve blir også å løfte fram ressursheftet «Åpen kirke» i møte med kyrkjelydar og fellelsråd.

HOVUDMÅL 4: Kyrkje og samfunn

Resultatmål 4.1 Fleire kyrkjelydar med diakonal betening

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A. Lokalkyrkja får styrka diakonalt nærvær og auka diakonal kompetanse
- B. Diakonale og offentlege verksemder ser Dnk som relevant samarbeidspartnar når sosiale utfordringar skal løysast.

Dei viktigaste tiltaka:

- A. Løfte frå nyrevidert Plan for diakoni
- B. Vegleing på utarbeiding av lokale diakoniplaner
- C. Tilretteleggje for deltaking i «Frivillighetens år» 2022
- D. Synleggjere diakonale tiltak og kyrkja sin diakonale kompetanse i media
- E. Oppmode til god kontakt og samarbeid med kommunane

Måloppnåing vist ved resultatindikator: Del kyrkjelydar med diakonal betening

Tabell 3.4.1

Møre	2020		2021	
	Tal sokn med diakon	Del %	Tal sokn med diakon	Del %
	44	46 %	53	56 %

Ressursbruk:

Det har vore nytta ressursar i stillinga til rådgjevar for diakoni i dette.

Møre bispedøme gjev tilskot til inntil 50% av 18 heile stillingar.

Vurdering av måloppnåing:

Målet er på mange vis nådd: For tredje år på rad er den diakonale beteninga auka. I 2021 vart det oppretta ei etterlengta diakonstilling i Hustadvika, og med det fekk fire nye sokn diakonal betening. Ein diakon vart vigsla i 2021. Forskjellar i statistikken kan handla om litt ulike standardar for rapportering.

Alle diakonar i bispedømmet er kjende med nyrevidert Plan for diakoni, men det er uvisst korleis kunnskapen om denne er i sokn utan diakon. Det er gitt lite vegleing på utarbeiding av lokale planer i 2021. Samskaping mellom kyrkje og kommune eller andre samfunnsaktørar har vore tema i fleire samanhengar, og me vel å tru at dette har auka medvitet om samskaping og moglegheitene som ligg i dette. Fleire sokn har allereie gode og lange tradisjonar for samarbeid med kommunale institusjonar, og i fleire kommunar er det kyrkjelege tilsette i kriseteamet.

Eventuell endring i tiltak:

For betre måloppnåing i 2022 er det nødvendig med tilstrekkelege personalressursar på bispedømmekontoret. Vi må òg ha meir og tettare kontakt med sokn utan diakon, for å støtte og bevisstgjere dei i deira diakonale arbeid. Til slutt bør vi streve etter betre synleggjering i media.

Resultatmål 4.2 Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A. Kyrkja er eit mangfaldig fellesskap

Dei viktigaste tiltaka:

- A. Kartlegge kyrkjelydar som har fleirkulturelle fellesskap
- B. Løfte fram kyrkjelydar som har gode erfaringar med nye i Noreg
- C. Oppfordre kyrkjelydane til kommunikasjon på engelsk og andre språk der det er relevant
- D. Oppmuntre kyrkjelydane til å stille kyrkja til disposisjon for migrantgrupper

Måloppnåing ved nøkkelindikator – tal på kyrkjelydar med tilbod om integreringsarbeid:

Tabell 3.4.2

Bispedømme	Antal sokn med integreringstilbod			Tilbod retta mot innvandrarar			Tilbod retta mot andre utsette grupper		
	2020	2021	Endring %	2020	2021	Endring %	2020	2021	Endr. %
Møre	11	15	36 %	11	14	27 %	3	3	0

Ressursbruk: Lokalt tilsette og frivillige; tilsette og frivillige i KIA Møre. Misjonsrådgjevar har i 2021 deltatt i regionrådet i KIA Møre.

Vurdering av måloppnåing:

Målet er nådd. Det har ikkje vore eit eksplisitt fokus på dei tiltaka som vart sette for dette punktet, men likevel ser vi ein auke i tala på sokn med integreringsarbeid og arbeid retta mot innvandrarakar.

Resultatmål 4.3 Arbeidet med religionsdialog blir styrkt

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A. Representantar frå andre religionar blir møtte med respekt og likeverd.

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Legge til rette for auka integrering
- B) Stimulere tiltak som rettar seg mot lokal religionsdialog og livssynssamtale
- C) Vere med å etablere STL i Møre og Romsdal

Måloppnåing ved nøkkelindikator – tal fora for religionsdialog:

I Møre bispedøme er det i 2021 to forum for religionsdialog, mot eitt forum i 2020 og ingen i 2019.

Ressursbruk:

Det har vore nytta ressursar i stillinga til rådgivar for misjon på dette tiltaket, utan at det er definert til ein stillingsprosent.

Vurdering av måloppnåing:

Målet er delvis nådd. STL Møre og Romsdal vart etablert i 2021, som eit forum for religionsdialog. Hausten 2021 vart det også skipa et forum for religionsdialog på Søre Sunnmøre.

Det er ein viktig milepæl å få skipa forum for religionsdialog i Møre. Rådgjevar for misjon og kyrkjefag har hatt plass i styret for STL Møre og Romsdal. Det er ei målsetting å skipa forum for religionsdialog både i Romsdal og på Nordmøre.

Korona-pandemien har sett grenser for aktiviteten i organisasjonen, og har vore til hinder for større samlingar.

Resultatmål 4.4 Kyrkja sitt digitale nærvær aukar

Resultatmål 4.5 Kyrkja er synleg på fleire arenaer i det offentlege rom

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Vere meir synleg på nett og i sosiale media (SoMe)
- B) Bygge kommunikasjonsånd internt, med VNFS-tankegang (Vi når fleire saman)
- C) Befolkninga ser kyrkja som ein viktig del av kvardagslivet sitt
- D) Kyrkjemedlemmer og kyrkjelydar opplever ein påliteleg og aktuell informasjon/dialog

Dei viktigaste tiltaka:

- A. Ei omforeint, tydeleg, tilpassa og konkret og framoverlent kommunikasjonsstrategi
- B. Leiinga tar eit aktivt informasjonsansvar i det daglege arbeidet
- C. Kyrkja vel aktivt meiroffentlegheitsprinsippet
- D. Samhandling og finmaska nettverk med prosti, sokneråd og fellesråd gir hyppig utveksling av idear og kompetanse.

- E. Setje kommunikasjon på dagsorden internt – alle er kommunikasjonsarbeidarar
- F. Gjere kommunikasjon til ein naturleg del av staben sin arbeidskvardag
- G. Bispedømetts digitale plattformer speglar befolkninga i Møre bispedømme og deira interesser, gleder og bekymringar i kvardagslivet. Innhaldet på digitale plattformar speglar det som elles rører seg i samfunnet og mediebietet. Kyrkja sine tilbød til ulike aldersgrupper kjem tydeleg fram på dei digitale plattformene.
- H. Sikre nok ressursar og kompetanse til å halde oppe ei truverdig digital kommunikasjonsatsing. Planmessig utvikling av nettsider, sosiale medium og andre digitale kommunikasjonsplattformer på bispedømenivå. Stimulere til auka samarbeid og profesjonalisering av nettsider


Det er eit vedteke mål at kyrkja sitt digitale nærvær aukar. For Møre bispedømmeråd inneber dette målretta satsing på sosiale media, i første rekkje Facebook, som også fungerer som ein dørøpnar inn til meir tradisjonelle informasjonskanalar, som t.d. heimesider.


Måloppnåing ved nøkkelindikatorar:

Taltreff på heimesidene har dei seinare åra hatt ei klar auke: 7834 i 2017 - 8173 i 2018 - 11 190 i 2019 (44 214 sidevisningar) og 58 784 sidevisningar i 2020. **I 2021 var talet på sidevisningar 47 205**, og dermed gjekk dette talet kraftig ned samanlikna med rekordåret 2020, men låg likevel høgare enn 2019.

Vurdering av måloppnåinga:

Statistikken viser jamt besøk gjennom året, med toppar i slutten av april/midten av mai (nettsak om rapport kvinnelege prestar og nettsak om lette i nasjonale tiltak), midten av september (nettsak om vekstmidlar) og slutten av november (med nettsakene “Julekrybbe på torget” og “Høyringsuttale om ny kyrkjeleg organisering”). www.kyrkja.no/more






Statistikken viser at det (som i 2020) framleis er **flest kvinner som besøker nettsidene** til Møre bispedømme. 61% av alle besøkande kjem som følgje av google-søk. 20,7% går direkte inn på nettsida.

Statistikken viser at **talet på nye besøkande har auka**, frå om lag 1 av 4 besøkande i 2019, 3 av 4 besøkande i 2020, og til omtrent heilt likt i 2021. Mellom dei besøkande er det fleire relativt eldre som nyttar nettsidene: Medan det i 2019 var relativt jamn fordeling mellom aldersgruppene hos dei vaksne besøkande, viste 2020-statistikken at relativt sett fleire over 55 år har besøkt nettsidene, og desse utgjorde over halvparten av alle besøkande. **I 2021 er den største aldersgruppa 65 år og oppover.** Talet på besøkande under 24 år følgjer trenden frå åra før, og gjeng stadig nedover. Under 1000 av sidevisningane er av personar i den yngste aldersgruppa (18-24). Dette er ei stor utfordring for Møre bispedømme, som det er for kyrkja sentralt.

Som ledd i å oppretthalde det digitale overblikket over arrangement i kyrkjene, er sokna i Møre del av den nasjonalkyrkjelege nettressursen *skjerikirken.no*.



Møre bispedømme satsar i all hovudsak på **Facebook som sosiale-medium-kanal**. Gjennom kanalen blir det delt informasjon og nyheiter, både frå bispedømetts eiga verksemd og frå aktiviteten i kyrkjelydane. På den måten fungerer Facebook-sidene også som eit nav for eksponering av aktiviteten i bispedømet.

Med Facebook følgjer det også nokre utfordringar knytt til etisk balansegang ved å vere kyrkje på ein slik ultrakommersiell plattform..

Møre bispedømme opplevde ei dobling i talet på følgjarar på Facebook gjennom 2021; frå 260 ved byrjinga av året, til 485 ved utgangen av 2021 (auken i talet på følgjarar på Facebook heldt fram i starten av første kvartal 2022. Kanalen har 596 følgjarar per 18.02.2022). Sjølv om dette framleis er eit relativt lågt tal, viser statistikk og underlagsmateriale at kanalen fungerer både som ein nyheitsformidlar og som ein dørøpnar inn til bispedømetts nettsider.

Å nå ut til folk under 40 år på Facebook er generelt ei utfordring. Unge har etablert seg i andre sosiale media, som TikTok, Snapchat og Instagram.


Så langt fungerer de facto Møre bispedømme sine Facebook-sider i mindre grad som dialogforum. Slik type satsing vil krevje auka ressursar på overvaking og oppfølging.

Møre bispedømme deler også bilete og informasjon via *Instagram*. Denne satsinga er enno berre i startfasen. Instagram som publiseringskanal skal nyttast meir framover, også til korte videoar. Også kontoar i TikTok m. fl. må vurderast på sikt (men dette må forankrast i kommunikasjonsplan/mediestrategi). Møre bispedømme nyttar ikkje *Twitter* aktivt - men Møre biskop er ein særskild aktiv Twitter-formidlar, og får ein god del respons.


Ser ein på medlemsundersøkinga 2021, svarar 52% av kyrkjemedlemmane i Møre at dei har sett innhald frå Den norske kyrkja på sosiale media. Flest av respondentane har sett på konsert- eller kulturarrangement (27%), medan gudstenester og barne-/ungdomsinnhald også kjem høgt på lista.

Tal frå Infomedia viser at tema knytte til **Møre bispedømme var omtala i 2859 medieartiklar i 2021**. Dette er marginalt opp frå 2020, da talet var **2829 medieartiklar**. I 2019 var talet 3254 medieartiklar. Dei dominerande mediekanalane er nettartiklar (46%) og trykte avisartiklar (46%). Kjeldedekninga viser at 66% er lokal og 17% riksdekkjande. I 2020 var 71% av kjeldedekninga lokal og 14% riks. Dei største kjeldene er dei regionale storavisene, der det er flest omtaler i Sunnmørsposten (253), følgt av Tidens Krav (213) og Romsdals Budstikke (207). Også NRK og lokalavisene har hyppige omtalar.

Kildedekning (topp 4)



Mediekanal (topp 3)



Kildenavn (186)

Kildenavn	Antal
Sunnmørsposten	253
Tidens Krav	213
Romsdals Budstikke	207
Vikebladet	122
Vårt Land	117
Møre-Nytt	111
Dagen	108
Nyss	108

Undersøkingar og kartleggingar:

Kyrkjerådet si registrering av digital aktivitet i bispedøma i 2021 viser at 46 sokn i Møre har meldt inn egne Facebook-sider. Desse sidene har til saman omkring 20.000 følgjarar. Svarprosenten i Møre er 46% av sokna.

Den norske kyrkja si medlemsundersøking 2021 for Møre bispedøme viser at 35% er positive til å få informasjon frå kyrkja (36% i 2020), medan berre 6% er negative til dette (13% i 2019 og 9% i 2020). Undersøkinga viser at 36% kjenner godt til kyrkjelyden der dei bur (28% i 2020), medan 26% av dei spurte svarar at dei ikkje kjenner godt til kyrkjelyden si verksemd (47% i 2020).

Tala frå medlemsundersøkinga 2021 i Møre viser at 73 % av medlemmane først ville søkt på nett (googla eller sett på kyrkjelyden si nettside) dersom det var noko dei lurte på om kyrkja. Berre kring 10% ville ringe eller besøke det lokale kyrkjekontoret. Ein av tre er positiv til å få tilsendt informasjon om kyrkjeleg aktivitet og arrangement. 1 av 2 har sett innhald frå Den norske kyrkja på sosiale medium.

Undersøkinga viser også at fleire medlemmar har sett informasjon frå kyrkja i lokalavisa enn dei som har lese kyrkjelydsbladet. Dette er unikt på landsplan. Den særleg rike floraen av lokalaviser i Møre og Romsdal tener til ei jamn og god dekning av det lokalkyrkjelege arbeidet.

Ressursbruk:

I utgangspunktet er det nytta ein stillingsressurs på samla ca. 30% stilling til kommunikasjonsfeltet. Dette omfattar m.a. vedlikehald og oppdatering av nettsider, intranett og sosiale medium, samfunnskontakt og strategisk mediearbeid. Samstundes er små brøkar frå fleire stillingar periodevis nytta inn i kommunikasjonsarbeidet, men ikkje i same omfang som i korona-unntaksåret 2020.

I desember 2021 blei det tilsett ein kommunikasjons- og digitaliseringsrådgjevar i 100 prosent prosjektstilling, med prosjektperiode på 3 år. Stillinga skal styrkje Møre bispedøme sitt arbeid inn mot nemnte kommunikasjonsutfordringar, kommunikasjons- og medieplanar samt den digitale satsinga.

Det digitale korona-unntaksåret 2021:

Også i 2021 prega korona-pandemien verksemda i kyrkja, med periodevise avgrensingar og noko omlegging av kyrkja sine aktivitetar. Tilsette og frivillige heldt fram med å bruke digitale plattformer, og kompetansen og praksisen som vart opparbeidd i 2020 kom dermed til nytte også i 2021. Samstundes kunne ein oppfatte ein viss trøytteleik og utarming i den digitale satsinga – med eit ønskje om og behov for å kome tilbake til normale tilstandar.

Møre bispedøme fordelte også i 2021 støtte til m.a. kyrkjelydane gjennom ordninga med vekstmidlar og OVF-tilskot. I 2020 var deler av midlane sett av til å utvikle den digitale kompetansen i sokna. Mange fekk produksjonsstøtte til streaming/programskaping og mange fekk støtte til innkjøp av digitalt utstyr. I noko grad er dette ført vidare i 2021. Den digitale kompetansen hadde bratt læringskurve og talet på digitale produksjonar gjennom dei to pandemiåra har imponert.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er delvis oppnådd. Møre bispedøme har også gjennom 2021 halde ved like si rolle som ein regionalkyrkjeleg aktør som er aktiv og synleg i organisasjon, samfunn og media.

Talet treff på nettsidene gjekk noko ned samanlikna med toppåret 2020, men av dei som oppsøker nettsidene er stadig fleire nye besøkande. Den digitale samhandlinga med kyrkjelydane er vidareført gjennom 2021.

Ei vedvarande utfordring er å nå fleire unge (under 25). I samarbeid med UNG-satsinga i Møre bispedøme bør satsinga på denne målgruppa intensiverast. Det bør utviklast eigen strategi for dette.

Medlemsundersøkinga for Møre bispedøme 2021 viser eit gledeleg hopp oppover når det gjeld kjennskap til den lokale kyrkja: Medan det nasjonale gjennomsnittet på dette området viser ein auke frå 27% til 31% i åra 2020/2021, viser tala i Møre at lokalkjennskapen om kyrkja i perioden har auka frå 28% til 36%. Dette blir understreka gjennom at prosenten i Møre som svarar at dei ikkje kjenner godt til kyrkjelyden sin er halvert, frå nær 50% i 2020 til 26% i 2021!

Årsakene til dette kan kanskje vere knytte til m.a. sterkare lokal formidling, å vere meir synleg og hyppigare omtale i lokalpressa. Dette seier noko om samfunnskontakt og mediekontakt som ei stadig viktig oppgåve for kyrkja. Kor mykje den digitale satsinga isolert sett har medverka til denne endringa er vanskeleg å seie sikkert.

Den digitale satsinga bør framleis stimulere til ein vidare samtale kring korleis satsinga skal vektast: Er det rett å bruke mykje ressursar på å vise fram aktivitet, eller bør den digitale satsinga vinklast meir mot diakonale oppgåver, som samtale, dialog, sjelesorg? Dette blir viktig å drøfte framover, også i eit kommunikasjonsperspektiv.

Eventuell justering av tiltak:

Utvikle kommunikasjonsstrategi for Møre bispedøme, inklusive strategi sosiale medium og mediastrategi. Ein må sjå på korleis ein kan forsterka kommunikasjonsatsinga på unge i kyrkja.

Resultatmål 4.6 Samarbeid kyrkje/skule blir styrkt

Dei viktigaste suksessfaktorane

- a. At kyrkja blir opplevd som ein relevant medaktør for skulen

Dei viktigaste tiltaka

- a. Tema i visitasar
- b. Leggje til rette for samarbeid om Hauge-jubileet
- c. Leggje til rette for sams fokus på berekraftsmåla
- d. Utvikle skule-kyrkje-samarbeidet ved å utnytte formuleringane i skulen sitt planverk

Tabell 3.4.3 Måloppnåing ved nøkkellindikatorar: Tal barnehage – og skulegudstenester

	Gudsteneste barnehage- barn	Deltakarar	Gudsteneste skuleelevar	Deltakarar	Antal besøk frå bhg. i kyrkja	Besøk av kyrkjeleg med.arb i bhg	Antal besøk frå skular i kyrkja	Besøk av kyrkjeleg med.arb i skulen
Møre 2019	87	6237	183	33878	248	109	167	142
Møre 2020	55	1939	97	3885	101	65	115	70
Møre 2021	80	2863	22	2161	172	50	135	78

Kjelde; SSB

Vurdering av måloppnåing

Målsettinga er ikkje nådd. Gudstenestet for skuleelevar har gått dramatisk ned. Likeså besøk av kyrkjeleg medarbeidar i barnehagane. Samtidig ser vi ein auke i barnehage-/skulebesøk i kyrkja ved til dømes julevandringar, påskevandringar eller andre besøk. Strategisk er samhandling med barnehage/skulen viktig, og det er viktig at skulen opplever kyrkja som ein relevant ressurs og medaktør. Koronapandemien kan nok skuldast for ein del av resultatane, men tala syner ein tendens som går «utanpå» korona.

Ressursbruk

Gudstener for skular og barnehagar involverer ei rekkje tilsette. Vi har ikkje oversyn over ressursbruk på dette området. Undervisningsrådgjevar er involvert ved strategiske møte med barnehage-/skuleleiing og lærarar lokalt, regionalt og nasjonalt - og med rådgjeving til planverksarbeid i dei enkelte sokna.

Resultatmål 4.7 Einskap med den globale kyrkja

Den norske kyrkja tek ansvar for pliktene sine som medlem i dei økumeniske organisasjonane

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A. - Det er synleggjort at kyrkja i Møre høyrer til i det globale kyrkjelivet
- B. - Kyrkja i Møre deltar i lokale økumeniske nettverk
- C. - Kyrkja i Møre lærer av og viser solidaritet med kyrkjer i særleg sårbare område

Dei viktigaste tiltaka:

- A. Ha fokus på integrering i møte med kyrkjelydane
- C. Ta opp lokal økumenikk og kontakt med andre trdomssamfunn ved visitas
- D. Invitere representantar for økumeniske søsterkyrkjer til stiftsdagar og på fagsamlingar
- D. Oppfordre til konkret forbøn for kyrkjelydar i venskapsbispedøme

Måloppnåing ved nøkkelindikator:

Deltaking og bidrag i økumeniske samanhengar

Vurdering av måloppnåing:

Frå bispedømet si side er arbeidet med integrering og lokal økumenikk adressert i møte med kyrkjelydane. Statistikken viser at nokre fleire sokn har tilbod i samband med integreringsarbeid. Men med 14 av 95 sokn, er dette framleis eit område som treng fokus. Under ein av visitasane dette året vart det halde ei felles kveldsbøn med Den katolske kyrkjelyden.

Gjennom 2021 har det vore arbeidd med å synleggjere kontakten med dei to venskapsbispedøma, i Ungarn og Newcastle. Det er utarbeidd utkast til ein bønkalender som er planlagt innført i 2022, denne vart presentert for kyrkjeleg tilsette på stiftsdagane. Fem representantar frå Newcastle bispedøme var til stades under stiftsdagane, dei delte sine erfaringar med "Messy Church". Å kunne knyte personlege kontaktar og dra vekslar på andre sin kunnskap er ein god måte å byggje einskap med den globale kyrkja på. Deltaking og bidrag i økumeniske samanhengar er eit pågåande arbeid, der ein ikkje kan seie at målet er nådd. Dette er eit pågåande arbeid for å ivareta pliktene som medlem i økumeniske organisasjonar og samanhengar.

Resultatmål 4.8 Misjonerande kyrkjelydar, lokalt og globalt

Viktigaste suksessfaktor:

- A. At kyrkjelydane blir bevisste sitt globale ansvar.
- B. At alle sokn har minst ein misjonsavtale med ein av SMM-organisasjonane.

Dei viktigaste tiltaka:

- A. Informasjonsarbeid ved rådgjevar misjon, i møte med sokna
- B. Strukturert arbeid gjennom SMM Møre og misjonsorganisasjonane for å følgje opp avtalar som skal fornyast.
- C. Utarbeiding av gode trusopplæringsressursar om misjon, og informere godt om desse.

Nøkkelindikator:

Tal på misjonsavtalar.

Ressursbruk:

Rådgjevar for misjon og kyrkjefag, i samarbeid med SMM-utvalet. Utvalet har vore samansett av representantar frå seks av SMM-organisasjonane samt ein representant frå bispedømerådet.

Vurdering av måloppnåing:

74% av kyrkjelydane i Møre bispedøme har misjonsavtale. Dette talet held seg stabilt, med mindre justeringar. Det er eit mål å auke talet. Dei fleste avtalane er teikna gjennom ein av den sju SMM-organisasjonane. Totalt er det teikna 68 misjonsavtalar, der NMS (Det Norske Misjonsselskap) har meir enn halvparten av avtalane. At mange gudstenester har vorte avlyste, og at det i periodar har vore avgrensingar på deltakarar på gudstenestene, har ført til at innsamlingsresultatet til misjon har vore dårlegare i 2021 enn før pandemien. Derfor var det gledeleg at 34 kyrkjelydar deltok i aksjonen "Saman som kyrkje i heile verda", ei tredobling frå 2020. Her vart det samla inn 307000 kroner til misjon, ein auke frå 52000 som vart samla inn i aksjonen i 2020.

HOVUDMÅL 5: Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid

Resultatmål 5.1 Rekruttering til vigsla stillingar blir styrkt

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) – At kyrkjeleg teneste står fram som viktig og attraktiv
- B) – At tenesta står fram som godt forankra i den enkelte og arbeidsfellesskap
- C) – Motivasjon og arbeidsglede
- D) – Involvering
- E) - Kyrkja arbeider målretta med rekruttering innan presteteneste, undervisning, diakoni og kyrkjemusikk.

Dei viktigaste tiltaka:

- A) – Rekruttering er tema på samlingar og i visitas
- B) – Oppmuntre vaksne til kyrkjeleg teneste som «second career»
- C) – Gode ordningar for sommarvikarar og for dei som er i kyrkjelydspraksis
- D) – Delta på utdanningsmesser i fylket

- E) - Stimulere kulturskular og organistar til undervisning/formidling for barn og unge på kyrkjeorgelet

Måloppnåing ved resultatmål: Tal vigslingar

I 2021 vart det gjennomført 3 vigslingar til kyrkjelege stillingar, 2 av desse var prestar, 1 var diakon.

I 2020 vart det gjennomført 6 vigslingar til kyrkjelege stillingar. 2 av desse var prestar, 4 var diakonar.

Resultatmål 5.2: Fleire blir engasjerte i frivillig teneste i kyrkja

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A. Kyrkjeleg tilsette har god kompetanse på frivilligheitsleiing

Dei viktigaste tiltaka:

- A. Særskild fokus på frivilligheit på fagsamlingar og kurs gjennom 2021
 B. Tilsette ved bispedømekontoret aukar sin kompetanse på frivilligheit
 C. Skape gode møtearenaer for fagleg utvikling
 D. Auke fokus på HMS-arbeidet
 E. Støtte rådgiving

Tabell 3.5.1 Måloppnåing vist ved resultatindikator: Tal frivillige

	2019	2020	2021	Prosentvis endring
Totalt tal Frivillige	6354	4868	4933	1%
Frivillige i gudstenestefeiringa	3126	2273	2401	6%
Frivillige i kyrkjelydens barnarbeid	1390	791	743	-6%
Frivillige i kyrkjelydens ungdomsarbeid	1343	947	788	-17%
Frivillige i kyrkjelydens diakonale arbeid	1359	813	849	4%
Frivillige i kyrkjelydens kunst- og kulturarbeid	1607	874	1054	21%
Frivillige i kyrkjelydens komité- og utvals-arbeid	1450	1281	1182	-12%
..av dette i sokneråd	848	743	713	-4%
Frivillige i anna arbeid	754	707	578	-18%

Vurdering av måloppnåing:

Det er ikkje tvil om at koronapandemien har gripe inn og redusert talet på frivillige.

Unntakstilstanden som pandemien har skapt gir statistiske utslag som likevel ikkje gir stort rom for konklusjonar, anna enn at tala endrar seg. Det blir interessant korleis statistikktalet første året etter korona ser ut i høve til 2019-tala. Bispedømmet har i denne tida stimulert kyrkjelydane sin kontakt med dei frivillige ved å gi tilskot til prosjekt som har skapt arenaer for frivillige og som har skapt tilbod og aktivitet i kyrkjelydane. Vi trur at desse tilskota har engasjert og aktivisert kyrkjelyden sine frivillige i ein situasjon der dei vanlege møtearenaene er redusert og borte.

Resultatmål 5.3: Kyrkjelege medarbeidarar trivst i jobben

Dei viktigaste suksessfaktorane:

Framsnakke kyrkja som arbeidsstad

Dei viktigaste tiltaka:

Skape gode møtearenaer for fagleg utvikling

Auke fokus på HMS-arbeidet

Støtte rådgiving

Vurdering av måloppnåing

Sjølv i koronatid greidde bispedømmet å gjennomføre fagsamlingar for alle faggruppene, og fekk også til å arrangere stiftsdagar i Geiranger for alle faggrupper. Mange gledde seg stort over fellesskap, samtale og fagleg fokus.

Koronatida har elles gitt fleire møtepunkt med tilsette i organisasjonen enn før, då digitale møte og fagsamlingar etter kvart utvikla seg til å bli arenaer for samhandling også etter koronapandemien er over. Det er etablert digitale fagsamlingar mellom bispedømme, prostar og kyrkjeverjer, og det er etablert digitale prostemøte, digitale møte med styret i kyrkjeverjelaget. Det er etablert regelmessige digitale møte for tilsette i diakoniarbeidet med rådgivar/bispedømmekontor, for undervisningstilsette og rådgivar/bispedømmekontor. I tillegg er dei fleste på bispedømmekontoret i regelmessige samhandlingsmøte med kollegaer og føresette i bispedømme og kyrkjerådet.

For å redusere reisetid for medarbeidarar ved bispedømmekontoret som er busette i Ålesund-regionen, og for å etablere møtestad på Sunnmøre, som er det tettast folkesette området i bispedømmet, etablerte Møre bispedømme kontor i sentrum av Ålesund. Bispedømmet har 3 kontorarbeidsplassar og tilgang til fellesareal og digitalt møterom i samlokalisering med organisasjonane NMS og NMSu.

Kontoret i Molde er i tillegg utvida og alle har fått kontor med tilgang til naturleg dagslys. Fellesområda og møterom er fornya, talet på møterom utvida og møteromma har fått god digital utrustning.

Bispedømmet har laga plan for oppfølging av rapporten om kvinners presteteneste og HMS-utfordringane rapporten dokumenterte. Fleire av punkta i planen er gjennomførte.

Resultatmål 5.4: Tilbod til unge i kyrkjelydane vert styrka

Dei viktigaste suksessfaktorane:

At kyrkja presenterer seg som relevant og ein stad der ein blir utfordra som menneske.

At unge opplever at det er plass for dei i kyrkja.

Dei viktigaste tiltaka:

Støtte lokal leiarutvikling

Utvikle ungdomsdemokratiet

Samhandle med organisasjonane i plattformen «Kirkens unge»

Tabell 3.5.2 Vurdering av måloppnåing

BISPEDØMME	Antal tiltak 13-17	Antal tiltak over 17	Antal deltakarar 13-17	Antal deltakarar over 17	Antal unike deltakarar 18 og over
Møre	245	127	2236	0	0

Av statistikkgrunnlaget for tiltak og deltakarar ser vi at kyrkjelydane, sjølv om 127 tiltak er meldt inn, ikkje har meldt inn talet på deltakarar. Hovudgrunnen til dette er truleg at kyrkjelydane har oversikt over tiltak i regi av andre enn soknet (t.d. i kyrkjelege organisasjonar, KFUK/M eller NMSu), utan at deltaking ved slike tiltak er registrert. Organisasjonane står sterkt i bispedømmet, og mange kyrkjelydar har godt arbeid for ungdom både før og etter konfirmasjonsalder. Bispedømmet gir støtte til leiartreningsprogram og til arrangement i regi av barne og ungdomsorganisasjonane. Det er likevel utfordrande at kontakten mellom soknet og ungdommane ikkje kan dokumenterast, og manglande registrering gir kanskje uttrykk for at kyrkjelydane verkeleg strevar med rekrutteringa.

Bispedømmet har hatt regelmessige møte med organisasjonane i plattformarbeidet «Kirkens unge», om lag 2 – 4 gonger i året, i pandemitida har samlingane vore digitale. Etter at ansvarleg rådgivar gjekk over i anna stilling i fjor sommar, har ikkje dette arbeidet fått prioritet. Stillinga er enno vakant, og det er uro over at bispedømmet ikkje har greidd å vedlikehalde dei gode møtepunkta i dette forumet.

Av same grunn har ungdomsdemokratiet ikkje fått den merksemd som er naudsynt. Det har vore vanskeleg å samle medlemmene i ungdomsrådet, og bispedømmet greidde ikkje å halde ungdomsting i jubileumsåret. Sjølv etter eit koronaår, med tanke på bispedømmet sine satsingar på dette feltet, konkluderer vurdering av måloppnåinga med at bispedømmet ikkje har greidd å levere etter eigne ambisjonar.

Gjennom fleire år med deltaking på regional utdanningsmesse, deltok bispedømmet i fjor på digital utdanningsmesse saman med Nidaros. Nidaros la til rette på ein imponerande måte, på bakgrunn av vakansar og sjukmeldingar i eige bispedømme. Likevel var utbyttet frå den digitale utdanningsmessa lite, og ein kan vurdere om resultatet - sjølv om dette er vanskeleg å vurdere med utgangspunkt i klikk - kan forsvarast i lys av summen av kyrkjelege ressursar som blei brukt i planlegging og tilrettelegging av messedeltakinga.

HOVUDMÅL 6 – Kyrkja er ein demokratisk og velfungerande organisasjon

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Tildelte presteressursar svarar til normerte ramar for prestenesta
- Kvalifiserte prestar i alle stillingar
 - Prestar forvaltar Ord og sakrament slik at kristen tru og liv vert fremma i kyrkjelydane
 - God fagleg og pastoral leiing
 - Prestar blir bevart og fornya fysisk, mentalt og åndeleg

Dei viktigaste tiltaka:

- Konkretisere ulike rekrutteringstiltak i årsplan og budsjett
- Bruk av sommarvikarar og organisering av VTP.
- Fagdag for prestevikarar ein gong kvart semester

- D. Støtte prostane, med vikarar, ordning med prostesekretærer, ABV og kompetanseutvikling
- E. Implementering av omsorgstenesta i den kyrkjelege strukturen, sikre eit godt og velfungerande HMS-arbeid

Faktorar som verkar inn på måloppnåinga:

Tabell 3.6.1 Totalt tal årsverk i Møre bispedøme:

	Totalt	Prestar inkl. biskop	Andel i prosent	Administrasjon	Andel i prosent	Andre	Andel i prosent
Møre 01.01.2021	86,6	71	86	11,6	14	0	0
Møre 31.12.2021	88,9	76,5	86	12,4	14	0	0
Diff	2,3	5,5		0,8		0	0,00

Årsverka er fordelt slik i 2021:

	Biskop	Kapellan	prost	Prosti-prest	Senior-prest	Sokne-prest	Spesial-prest	Total-sum
<i>MØRE</i>	1	7,2	6	0	2	37,6	0,8	54,6

Tabell 3.6.2 Kyrkjemedlemmar og kyrkjelege handlingar per faste presteårsverk

	Preste-årsverk	Medlemmar og tilhøyrande per prest	Guds-tenester	Dåps-handlingar	Konfirmasjonar	Vigslar	Gravferder
Møre 2019	73,2	2868	50,5	25	34,5	5	29,7
Møre 2020	71	2909		22,8	31,1	3,9	27,9
Møre 2021	76,5	2649		23,9	28,2	3,3	27,6
Dnk 2021	1334	2642		19,9	24,8	3,5	26

Talet på kyrkjelege handlingar pr. prest har gått ned dei siste åra grunna koronapandemien. Med unntak av vigslar ligg Møre framleis over landsgjennomsnittet når det gjeld talet på kyrkjelege handlingar pr. prest.

Vikarar og ekstratenester

Talet på pensjonistimar har auka jamt dei siste fem åra, frå 2,6 årsverk til 7,8 årsverk i 2021. Pensjonistane utgjør ein heilt avgjerande ressurs.

	2017		2018		2019		2020		2021	
	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk
Møre	4532	2,6	7603	4,3	11558	6,6	14810	8,5	14366	7,8

Pensjonistar vart også nytta til enkelttenester. I 2021 var det ein liten reduksjon i bruken av ekstratenester til både gudstenester og gravferder. Årsaka er i hovudsak koronaepidemien.

Tabell 3.6.3 Ekstratenester gudstenester, gravferd og vigsel

	Gudstenester			Gravferd			Vigsel
	Ved andre	Ved prest	Totalt	Ved andre	Ved prest	Totalt	
Møre 2017	28	16	44	48	12	60	10
Møre 2018	14	20	34	3	14	17	9
Møre 2019	36	54	90	51	60	101	8
Møre 2020	0	40	40	0	66	66	27
Møre 2021	4	21	25	0	15	15	4

Tabell 3.6.4 Aldersfordeling i presteskapet frå 2019 - 2021

	Under 40 år		40 - 49 år		50 -59 år		Over 60 år		Totalt
	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	
2019	14	24%	11	19%	18	30%	16	27%	59
2020	15	23%	14	22%	17	27%	17	27%	63
2021	12	21%	14	24%	15	26%	17	29%	58
Nasjonalt 2021	218		290		379		379		1240

Tabell 3.6.5 Utlysingar, søknadar og tilsettingar i prestestillingar

	Utlyste stillingar	Tal søknadar	Søknadar per stilling	Stillingar lyst ut fleire gonger	Tal tilsettingar
Møre 2018	7	13	1,9	3	5
Møre 2019	16	22	1,4	6	6
Møre 2020	11	15	1,4	5	6
Møre 2021	14	22	1,6	2	9

Vurdering av rekrutteringssituasjonen totalt sett for prestar og kyrkjelege tilsette i bispedømet

Sjukemeldingar og vakanse har prega **administrasjonen** det siste året. Det har vore to omgangar med utlysingar, i juni og september.

I juni vart det lyst ut 2 stillingar, som berre fekk ein søkjar og ingen tilsette. I november vart det lyst ut 4 stillingar, med til saman 19 søkjarar, der 3 vart tilsett. Den store skilnaden i rekrutteringa i september var bevisst satsing på å lyse ut dei ledige stillingane i lokale media og med eigne profilerte annonser. Det gav god effekt.

Med omsyn til Rekrutteringssituasjon totalt sett for prestar i **bispedømmet** er situasjonen meir krevjande:

I 2021 lyste bispedømmet ut 14 prestestillingar, av desse vart 5 stillingar lyst ut 2 gonger. Ein fekk totalt 17 søkjarar. Av desse var 5 ikkje kvalifiserte. Det blei tilsetjing i 7 stillingar, der 4 av desse skal ordinerast i juni 2022. Dei tre andre tilsette kjem frå prestestillingar i Møre.

I 2021 var det få søkjarar frå studiestadane eller frå andre bispedøme. Fire av dei som vart tilsette i fjor har vore PUU (prest under utdanning) -prestar og har tilknytning til Møre. I tillegg er det i år 8 andre prestevikarar som er med på PUU-ordninga i Møre.

Biskop, ein rådgjevar (personal) og ein yngre prestekollega var i haust på besøk til studiestadar i Oslo og møtte fleire studentar. Studentane sjølv understrekar kor viktig det er at bispedømme kjem på besøk og held god kontakt. Ein fyrste positiv effekt av denne kontakten er at vi har god tilgang på fleire sommarvikarar. Vi håper at det på sikt også vil vere rekrutterande.

Av dei 12 prestevikarane i PUU-ordninga har 3 bakgrunn som kateket/diakon, og er alle kvinner. For nokre er det heilt naturleg å realisere i vaksen alder eit ønskje om å bli prest, noko som kan hende ikkje var mogeleg for 20 år sidan grunna ulike omsyn. Det er også positivt at det eksisterer ulike karriereveggar i kyrkja. Men av omsyn til kateket- og diakontenesta er det ikkje udelt positivt at dei forlet andre viktige tenester i kyrkja.

Møre bispedømme har hatt gode erfaringar med PUU-ordninga og den fungerer rekrutterande. Det er positivt at Kyrkjeråd og Kyrkjemøtet i 2022 vil vedta ei felles ordning med Rekrutteringsstilling i Den norske kyrkja.

Med omsyn til rekruttering til dei andre vigsla stillingane må ein styrkje dette arbeidet i bispedømmet. Begge avdelingane ved bispedømmet er engasjert i ei felles nasjonal rekrutteringsgruppe som målbevisst arbeider med rekruttering. Neste år bør vi også prioritere ein eigen plan for rekruttering.

Det er også naudsynt å understreke at rekruttering handlar om å behalde gode kollegaer i bispedømmet. Difor har ein eit strategisk mål om ei god og velfungerande presteteneste. Ein arbeider kontinuerleg med å fremje god trivsel og læring i stab og kyrkjelyd, gjennom til dømes gode ordningar for ulike typar kompetanseheving, vegleiing, retreat, permisjon og løn. Gjennom fagdagar i lokallaga og på bispedømmeplan, utvikling av eigne prostibaserte studiekurs og god tilgang på studiepermisjon/stipend ønskjer vi å kvalitetssikre tenesta og leggje til rette for relevant kompetanseheving. Det er ei stor utfordring å skaffe gode vikarar, men pensjonistane er ein heilt avgjerande ressurs for å nå resultatmåla

3 C – FNs berekraftsmål

Berekraftmåla gjeld alle delar av samfunnet og berekraftsmåla er både relevante og naturlege for kyrkja å arbeide med.

Kyrkja fremjar alt dette på ulike måtar, det er berre ikkje så målbart. Kvar søndag legg kyrkjelydane verda fram for Gud i bøn om fred, rettfærd og forsoning og vern om menneskeverd og skaparverk og rettfærd. Det blir samla inn pengar til ulike formål som er med på å fremje menneskeverd, fred, menneskerettar og vern om skaparverk. Eit eksempel er fasteaksjonen, der Møre og Romsdal i 2021 var nr. to på landsoversikta over innsamla pengar pr. innbyggjar.

Samstundes er vegen fram mot ei rettfærdig verd så uendeleg lang og krev ein langt større innsats enn Møre bispedømme har lagt ned i 2021. Fleire av tiltaka i årsplanen er ikkje utført og vi kan ikkje seie at målet er nådd.

Ei utfordring er at bispedømmet ikkje har oversikt over kva sokn i Møre bispedømme som aktivt brukar berekraftsmåla og korleis kunnskapen om måla er rundt om i sokna. I Møre bispedømmes årsplan for 2021 er det fleire punkt om å auke merksemda om berekraftsmåla, til dømes «auke medvitet om kva berekraftsmål dei allereie møter med eksisterande arbeid og tiltak». Inntrykket er at nokre opplever berekraftsmåla som eit nyttig verktøy, medan andre opplever dei som nok ein plan å setje seg inn i.

Store delar av kyrkja sitt arbeid verkar inn på berekraftsmåla. I det følgjande vil vi gje nokre døme på dette:

- A. Grøn kyrkje og ENØK-prosjektet (kartlegging og tiltak om redusert energibruk i kyrkjer i Møre) er bidrag til mål 12, 13, 14 og 15.
- B. I den kyrkjelege undervisninga får barn og unge god utdanning (mål 4), mellom anna om likeverd, menneskerettar og vern om skaparverket.
- C. I 2021 har samskaping og samarbeid (mål 17) vore vektlagt. Dette blir særleg fokusert på i visitasar i møte med kyrkjelydar, kommunar, lokale verksemder og organisasjonar.
- D. Kyrkja har òg fleire samarbeidspartnarar som arbeider for rettferd, fred og vern om skaparverket globalt. Heilt konkret i samarbeid med fleire misjonsorganisasjonar og Kirkens Nødhjelp. Slik bidreg bispedømmet til berekraftsmål som til dømes 1-3, 6 og 16.
- E. Biskopen har over tid vore deltakar i klimaforhandlingane, jfr mål 7, 12-15.
- F. Bispedømmet har fokus på arbeid med likestilling mellom kjønna gjennom oppfølginga og planar i samband med kvinneprestundersøkinga, LHBT+ undersøkinga og støtte til utdanning av kvinnelege prestar i Etiopia, jf. mål 5.
- G. Gjennom gratis tilbod om fritidsaktivitetar er kyrkja med på å minske ulikheit i samfunnet og leggje til rette for lik deltaking i samfunnet (mål 10).
- H. Gjennom å vere synleg og til stades i lokalsamfunnet, tilby fellesskap, omsorg, samtaleneste og støtte til menneske, bidreg kyrkjelydane i Møre bispedøme til mål 3 og 11.
- I. Gjennom gudstenester og samlingar i fellesskap og grupper er bøn og forbøn viktige element og dei fleste av berekraftmåla er relevante.
- J. Gjennom gudstenester som til dømes hausttakkefest og skaparverkets dag, bidrar kyrkja til å fokusere på mål 12 og 13.
- K. Kyrkja lokalt tilbyr inkluderande arenaer og har fokus på å sikre kulturarv – materielt og imatrielt, jf. mål 11. Konkret sikre god kvalitet i forvaltning av kyrkjebygg gjennom rådgiving og vedtak.
- L. Ved at kyrkja arbeider og ber for fred og rettferd, men og gå foran i eigen verksemd i ei hensiktsmessig organisering, jfr mål 12 og 16
- M. Kyrkja har fokus på arbeidsmiljø, arbeidsvilkår og medråderett for tilsette, jf. mål 8.
- N. Barne- og ungdomsarbeid, trusopplæring og konfirmasjonsundervisning er arenaer for fokus på likeverd, menneskerettar, skaparverk og bærekraft, jf. mål 4.
- O. Auka fokus på konkrete tiltak i eigen verksemd som bidrar til å redusere klimafotavtrykk, til dømes reisepolicy, jf. mål 13.

3 D – Om biskopen si verksemd 2021

Biskopen si teneste har på mest alle vis vore prega av korona. Visitasar har vore planlagde, utsette, planlagde, utsette og planlagde på nytt. Slik har det også vore med andre arrangement der biskopen sitt nærvær var ønskjeleg og naudsynt.

Visitasar

Trass i pandemien greidde vi å gjennomføre 5 av dei planlagde 7 visitasane.

Prostemøte og kontakt med prostane

Mange fleire prostemøte enn vanleg vart gjennomførte og alle på Teams.

I tillegg kom hyppig individuelle kontakten med prostane for å gi støtte til deira teneste og om å vere til stades med råd og grenser.

Andre tilsynsoppgåver

Biskopen har teke del ved tre kyrkjejubileum, og fleire friluftsgudstenester. Biskopen samla fyrst alle dei kvinnelege prestane i bispedømmet for å fylgje opp arbeidsmiljøundersøkinga. Dernest vart dei igjen samla for markere at det var 60 år sidan første kvinne blei ordinert i presteneste. Biskop em. Helga Haugland Byfuglien tok del i både fagdag og festgudsteneste i domkyrkja.

I høve biskopen sin eigen 60-årsdag blei det samla inn ei god gåve (drøyt 100. 000 kr.) til utdanning til kvinnelege prestar ved Mekane Yesus Theological Seminary (MYTS) i Addis Abeba, via NMS sitt prosjektarbeid der.

I ei utfordrande tid fekk bispedømmet også til å invitere til stiftsdagar. Møtet mellom kyrkjelege medarbeidarar frå ulike stader, og mellom ulike faggrupper var naudsynt og viktig for bispedømmet.

Biskopen ordinerte 2 prestar.

Kyrkjebygg

Biskopen har som godkjenningsorgan for kyrkjebyggsaker i løpet av 2021 behandla ca. 60 søknader knytte til endringar i og på kyrkje, kyrkjeleg inventar og utstyr samt liturgiske tekstil.

2021 var første år for behandling av kyrkjebyggsaker etter Kyrkjeordninga, med tilgrensande nye forskrifter og nytt kyrkjerundskriv. Gjennom dei nye ordningane er biskopens breie og heilskaplege faglege ansvar på kyrkjebyggfeltet ytterlegare styrkt. Biskopen ser at det nye lov- og regelverket for kyrkja og kyrkja sine nære omgjevnader krev eit endå tettare samarbeid med fellesråd, kommunar samt regionalt og nasjonalt vernemynde, for å tryggje og utvikle den kyrkjelege forvaltninga innan fagfeltet.

DEL 4 – STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

A) Arbeidsmiljø Sjukefråvær 2021

Tabell 4.1

Fråvær prester	Prosent	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
Møre Menn	4,05	0,42	0,49	0,60	2,54
Møre kvinner	10,60	0,51	1,75	0,47	7,74
Totalt prestar i Møre	5,94	0,44	0,86	0,56	4,07
Den norske kyrkja	6,04	0,35	0,71	0,75	4,23
Fråvær totalt	Prosent	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
Møre Menn	3,73	0,20	0,54	0,65	2,33
Møre kvinner	6,20	0,19	0,66	0,73	4,63
Møre totalt	4,43	0,20	0,57	0,68	2,98
Den norske kyrkja	5,82	0,37	0,70	0,71	4,04

Det totale sjukefråværet for 2021 var på 4,43 prosent for alle tilsette i Møre. Langtidssjukefråværet for kvinner er omtrent dobbelt så høgt som for menn, både blant kvinner og administrativt tilsette. Ein kan likevel gle seg over at det totale sjukefråværet har gått ned med 1,34 prosentpoeng samanlikna med året før. Det er lågare enn på nasjonalt nivå og det nærmar seg målet på under 4%. Som arbeidsgjevar er vi stort sett kjent med årsakene til sjukefråvær og har fokus på dette på alle nivå. Fråvær er i liten grad koronarelatert.

Medarbeidarundersøkingar /Arbeidsplassundersøkingar 2021, omtale og vurderingar

I 2021 gjennomførte Rambøll nasjonal medarbeidarundersøking blant alle kyrkjeleg tilsette i landet. Resultatet viser at medarbeidarar i Møre har stort engasjement, opplever jobben som meningsfull og yter ekstra innsats når det er behov. Det er stor grad av autonomi. På den andre sida melder medarbeidarar om låg gjennomføringsevne m.o.t. til vedtekne planar, dårleg balanse mellom arbeid og fritid samt ubehageleg stressnivå.

Resultata etter undersøkinga er presentert i både prosti, blant prostane og på bispedømmekontoret. Resultata vil vere grunnlag for konkrete tiltaksplanar og med rapport tilbake til RAMU.

I 2021 vart det også gjennomført spørjeundersøking blant kvinnelege prestar i heile landet. Funna i undersøkinga vart presentert i ekstraordinært møte i RAMU, kontaktmøte med tillitsvalde og i prostemøte. Biskopen inviterte kvinnene til samtale om temaet 27/8-2021, temaet vart behandla i alle prostilaga og prostane har blitt oppmoda om å ta temaet opp i stabane der den andre arbeidsgjevarlinja er representert.

Den 10. november inviterte biskopen kvinnelege prestar i Møre til kvinnenettverk og gudsteneste i Molde domkyrkje, for feiring av 60 år med kvinner i presteneste i Noreg.

Rutinar for intern varsling om kritikkverdige tilhøve

Rutinar for varsling har vore kjent og omtalt i faglege samlingar og HMS-dagar. Handtering av varsel og usikkerheit opp mot rutinar for melding av avvik kan ha vore årsak til få varslingsaker.

I januar 2022 introduserte Den norske kyrkje varslingskanalen *Mitt Varsel* for heile kyrkja. Varslingskanalen gjer det enklare for både tilsette og frivillige å varsle om kritikkverdige forhold.

Møre har teke i bruk det digitale varslingskanalen, og arbeider aktivt for å gjere kanalen kjent for alle tilsette. Dette arbeidet er avgjerande for å sikre intensjonen i varslingsystemet, om at tilsette er oppmoda om å varsle om ein oppdagar kritikkverdige forhold i verksemda.

Varslingskanalen er lagt ut på heimesida og opplegget vart introdusert på HMS-dagane i januar 2022. Arbeidet med å gjere varslingsrutinane kjende og tilgjengelege for tilsette er difor noko ein må drive kontinuerleg.

Arbeid med HMS

Møre bispedømme har fastsette mål for HMS-arbeidet i 2021, og handlingsplan er utarbeidd i tråd med HMS-måla. Det regionale arbeidsutvalet (RAMU), som har ansvaret for arbeidsmiljøet, hadde 4 møte i 2021.

I oktober 2020 vart det gjennomført HMS-revisjon, og i 2021 vart stort sett alle punkta som vart påpeika i revisjonen følgt opp. Det viktigaste var å få på plass samarbeidsavtalar om HMS-arbeidet med alle fellesråda i bispedømmet. Det ligg føre ein eigen årsrapport for HMS-arbeidet i RAMU.

Alle tilsette i organisasjonen var prega av koronapandemien i 2021, som i 2020. Den årlege HMS-dagen vart gjennomført digitalt i mai, der arbeidsmiljø var på dagsorden, med vernetenesta, tillitsvalde og prostane. Det er godt samarbeidsklima mellom arbeidsgjevar og vernetenesta på regionalt og lokalt nivå.

B) Likestilling - Kvinnedel i presteskap og administrasjon

Tabell 4.2

31.12.2021	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Møre presteskapet	14,6	38	52,6	27,8
Møre administrasjon	6	7	13	46

Kvinnedel i leiarstillingar, biskopar og prostar

Tabell 4.3

Presteskapet	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Møre presteskapet	2	4	6	33,3
Møre administrasjon	1	2	3	33,3

Søknader og tilsettingar av prestar i Møre bispedømme

Tabell 4.4

Møre	2021			2020		
	Antal søknadar	Av dette kvinner	Prosentdel kvinner	Antal søknadar	Av dette kvinner	Prosentdel kvinner
	22	5	23 %	15	9	60 %

Møre	2021			2020		
	Antal tilsettingar	Av dette kvinner	Prosentdel kvinner	Antal tilsettingar	Av dette kvinner	Prosentdel kvinner
	9	3	33 %	6	3	50 %

Delen kvinner i presteskapet er framleis blant dei lågaste i landet, og talet på søknader frå kvinner har gått ned frå 60% til 23% samanlikna med året før. Prosentdelen for kvinnelege tilsetingar gjekk også ned frå 50% til 33% i 2021. Dette er ikkje ei ønskt utvikling, og bispedømmet har ei klar haldning til at kvinner skal oppmodast til å søke og kvinner skal kallast inn til intervju om dei er kvalifiserte. Der kvinner og menn stiller likt, skal kvinner prioriterast.

Tabell 4.5 Sjukefråvær

	Total sykefraværspersent					Menn, sykefraværspersent					Kvinner, sykefraværspersent				
	Totalt	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u	Totalt	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u	Totalt	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
Møre	5,94	0,44	0,86	0,56	4,07	4,05	0,42	0,49	0,60	2,54	10,46	0,51	1,75	0,47	7,74
Totalt	6,04	0,35	0,71	0,75	4,23	4,70	0,28	0,61	0,54	3,27	8,23	0,47	0,87	1,08	5,81

Sjukefråværet blant kvinner er vesentleg høgare enn for menn. Vi har god kontakt med dei som er sjukmelde. Vi ser ikkje at denne situasjonen er betinga av kjønn, men vil heller ikkje utelukke ein samanheng.

Tabell 4.6 Løn i prosent av menn

	Totalt prester	Kapellaner	Sokneprester	Proster	Spesialprester	Seniorprester	Prosti prester	Domproster	Biskoper	Stiftsdirektørene	Avd.-leder	Øvrige ansatte
Møre	99,3	96,7	98,0	102,9	98,2							92,8
Snitt alle	97,6	99,1	98,5	100,9	98,7	103,2	98,7	102,2	98,4	98,1	101,5	93,2

Det er små lønsforskjellar mellom kvinner og menn, men det har andre årsaker enn kjønn. Lønssystemet for kapellanar og sokneprestar er i hovudsak basert på løn etter ansiennitet. For øvrige tilsette er løn gitt ut frå kompetanse, ansiennitet og vilkår uttrykt i hovudtariffavtalen.

Tabell 4.7 Deltid

Bispedømme	Menn 2021			Kvinner 2021			Totalt 2021			Totalt 2020		
	Antall	Årsverk	Gj.snittstilling	Antall	Årsverk	Gj.snittstilling	Antall	Årsverk	Gj.snittstilling	Antall	Årsverk	Gj.sn still.
Møre	5	2,2	44,0 %	5	3,0	60,0 %	10	5,2	52,0 %	5	2,2	44,0 %
Totalt	51	30,3	59,5 %	71	45,5	64,0 %	122	75,8	62,1 %	121	66,5	55,0 %

I hovudsak er alle tilsett i heile stillingar i Møre bispedømme. At antalet framstår som mange i høve til talet på tilsette er når ein person går inn i stillingar med ulik stillingskode, til dømes fengselsprest i delar av stilling og resterande i sokneprest. Dette er ikkje betinga av kjønn.

C) Vurdering av risiko for misleghald

Vi vurderer risiko for misleghald som liten.

Denne vurderinga er gjort med bakgrunn i det budsjettreglementet og økonomiregelverket som er vedtatt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Alle felles rutinar for bispedømeråda er fastsette av Felles Økonomieining (FØ). Desse rutinane gjeld for både rekneskap og løn.

Midlar til det enkelte bispedøme blir stilt til disposisjon gjennom tildelingsbrev, og plan for bruk blir gjort gjennom budsjettvedtak i det einskilde bispedøme.

Det er særskilte rutinar for

- Innkjøp av varer og tenester
- Mottak og handsaming av faktura i elektronisk fakturabehandlingssystem
- Godkjenning for utbetaling
- Lønsrutinar
- Rapportering
- Tilskotsforvaltning

Alle innkjøp skal godkjennast av to personar etter nærare fastsett rutine. Avhending av inventar og utstyr skjer etter eigen rutine. Ingen tilsette på bispedømenivå har tilgang til bank. Det blir ikkje handtert kontantar.

Løn, andre godtgjersler og rekneskap elles blir ført i elektronisk rekneskap. Dette gir høve til stikkprøvekontrollar eller systematisk kontroll av alle vedlegg. Det er også utarbeidd internkontroll gjennom internrevisor. Bakgrunnen er at det skal vere gode interne kontrollar som kan forhindre, under dette oppdage og eventuelt korrigere, styringssvikt, feil, manglar og misleghald. Rekneskapen blir revidert på rettssubjektnivå.

Det ligg til grunn delegering av budsjett disponeringsmynde. Bispedømerådet og biskopen har vedteke delegasjonsreglement. Det ligg også føre delegasjonsreglement og underskriftsfullmakter for administrasjonen.

DEL 5 - VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Kyrkja sin organisasjon

Vi lever i ei spennande tid, der organiseringa av kyrkja blir endra og tilpassa ny lovgiving og ei ny tid. Frå å vere ei statskyrkje, som har forma landet gjennom verdiar og lovgiving, og gitt meining og forankring til individ og miljø gjennom hundreåra, ser vi i lyset av dei siste 30 åra at kyrkja sin posisjon i samfunnet er endra. Statskyrkja er ikkje meir, og fram veks ei luthersk folkekyrkje med ambisjonar om å vere ei landsdekkande folkekyrkje. Kyrkja er på veg ut som staten sitt særlege trdomssamfunn, og på veg til å bli definert som del av sivilsamfunnet og eit trdomssamfunn på lik linje med mange andre livssynssamfunn.

Det er utenkeleg å sjå for seg ei framtidig kyrkje som, både i innhald og organisasjon, ikkje speglar rolla samfunnet gir kyrkja. Difor er det viktig at kyrkja tar omsyn til dette når ho skal leite seg fram til ei ny organisasjonsform.

Det er også ganske godt dokumentert at kyrkja ser ulik ut alt etter kvar ein bur i landet. Kyrkjelege kultur, ja til og med kyrkja sin teologi og etikk, høyrerest noko ulik ut, sjølv om alle deler vedkjenningskrifter og har same liturgi. Vi har på mange vis både ei nasjonal kyrkje og ei meir regionalt forankra kyrkje, slik kyrkja blir synleg i dei ulike bispedømma.

Valordning og representasjon blir viktige indikatorar for kva kyrkje som kjem til å vekse fram etter dei ulike vegvala. I Møre er vi også spente på ny organisering av kyrkja, fordi vi trur og erfarer at organisasjon er viktig. Det er sannsynleg at det er ein samanheng mellom teologisk/liturgisk mangfald og ei kyrkjeleg organisering nedanfrå. Og det er like eins sannsynleg at det er ein samanheng mellom ei stram nasjonal kyrkjeorganisering og sams teologi/liturgi.

Framtidsutsiktene kan sjå ulike ut alt etter korleis kyrkja greier å manøvrere gjennom dei organisatoriske vegvala kyrkja står framfor.

Kyrkja sitt oppdrag

Den norske kyrkja er først og fremst forvaltar av ord og sakrament, for at menneske skal komme til tru og få leve i trua. Kyrkja er ein av mange samfunnsaktørar. Der kyrkja tidlegare hadde ein posisjon i kraft av å vere statskyrkje og ein del av den offentlege forvaltninga, har kyrkja no ein noko endra posisjon. Ved å presentere seg sjølv som ein kompetent og engasjert del av samfunnsveven, kan kyrkja jamvel stå fram som meir relevant i både gamle og nye samanhengar.

Samstundes er kyrkja noko for seg sjølv. Kyrkja er ulik dei fleste samfunnsaktørar. Vi har mange organisasjonar som arbeider for psykisk helse, for berekraftig utvikling, for betre fellesskap og som er politisk aktive. Ingen av desse arenaene er framande for kyrkja, men dei gir ikkje uttrykk for kyrkja sitt oppdrag. Kyrkja sitt oppdrag er først av alt å forkynne evangeliet. Her er kyrkja sitt sentrum og unike oppdrag, ulikt dei mange samfunnsaktørane kyrkja samarbeider med. Det er avgjerande viktig at kyrkja tar vare på sitt eige oppdrag og er trufast mot seg sjølv. Ved å identifisere seg med oppdraget sitt, kan kyrkja på mange vis og med mange verkemiddel samhandle, samskape, utfordre og stå saman med ei stor breidde av samfunnsaktørar. Kyrkja er noko for seg sjølv - berre då kan kyrkja vere trufast mot eige samfunnsoppdrag.

Kyrkja/Biskopen i samfunnet

Kyrkja er ein samfunnsaktør. Møre biskop har i ei årrekke tematisert rolla som samfunnsaktør ved å snakke om kyrkja sitt samfunnsansvar. Biskopen i Møre er ei sterk talskvinne for at kyrkja har eit samfunnsansvar når ho tar del på regionale arenaer. Biskopen

har møte to gonger i året med Statsforvaltaren. Ho deltar aktivt på den regionale kulturarenaen, og er ofte å sjå/høyre på festivalar og der kultur- og samfunnsliv utspelar seg. På mange arenaer har biskopen løfta fram lokalkyrkja sitt samfunnsansvar i kommune og i lokalsamfunn. Særleg er dette tematisert i visitasarbeidet, gjennom dialogen med det offentlege og når visitasen byr opp til folkekyrkjeleg engasjement.

Satsings- og fokusområde

Skal ein reflektere litt over korleis bispedømmet sine satsings- og fokusområde får nedslag i bispedømmeorganisasjonen og i lokalkyrkja, så er det viktig å identifisere bispedømmet sin rolle. Når bispedømmerådet vedtar årsplan og peikar ut satsings- og fokusområde, er ikkje alltid dette eit resultat av omfattande saksutgreiing i administrasjonen. Det hender at nasjonale satsingar og fokus ikkje har same relevans i Møre som andre stader i landet. I Møre er nok den høge medlemsprosenten i kyrkja og mange stabile bygdelag, gode garantiar for at svært mange vender seg til kyrkja for å døype barnet sitt. Sjølv om lokalkyrkja ikkje lenger mottar fødselsmelding, noko som har gitt utfordringar, ser det likevel ut som at dåpstalet held seg stabilt, sjølv tala under pandemien har sin eigen dynamikk.

Møre bispedømme er derfor i den situasjon at ein ikkje har merka same reduksjon i dåpstal som i landet elles. Difor har det heller ikkje vore sterke føringar frå bispedømme til kyrkjelydane om å leggje til rette for “drop-in”-dåp. Det er berre gjennomført éin “drop-in”-dåp i bispedømmet. Fleire var planlagde, men koronapandemien har hindra gjennomføring. Den same pandemien har likevel ført til sterkt dåpsfokus i bispedømmet. Frå å identifisere dåp som kyrkjelydshandling og som ein integrert del av kyrkjelyden sin hovudgudsteneste, har vi sett at smittevernreglar har skapt ein nytt rom for kyrkjeleg dåpsfokus. Talet på dåpsgudstenester har auka kraftig, og foreldre og familiar si kjensle av å bli møtt på ein god og lyttande måte av kyrkja, har ført til positive og gode kyrkjelege opplevingar i ei tid då kyrkja måtte stenge dørene for mange. Den nye situasjonen med at dåpshandlinga skjer i “private” dåpsgudstenester, og såleis reduserer kontakten mellom den gudstenestefeirande kyrkjelyden og den dåpsfeirande kyrkjelyden, utfordrar både dåpsteologi, dåpspraksis og arbeidstidsordningar. Korleis kan den gode kontakten mellom kyrkja og dåpsfamilien føre til deltaking i gudstenesteliv og trusopplæring?

Kan den positive opplevinga frå dåpsgudstenestene førast vidare gjennom eit nytt tiltak i trusopplæringa: Dåpsbarnet blir invitert tilbake til kyrkja i løpet det første leveåret, for å bli presentert og inkludert i kyrkjelyden, ved å revidere/nyskape ein liturgi som tar utgangspunkt i den gamle ordninga for stadfesting av nauddåp?

Bispedømmet treng å tematisere kyrkja sin dåpsteologi når prestar og truslærarar samlast, for å byggje bru mellom dåp som familiefest/høgtid og dåp som liturgi, som legg den døypte til i kyrkjelyd og den gudstenestefeirande fellesskapen.

Med omsyn til det andre satsingsområdet, “kyrkje på nett”, har bispedømmet gjennom koronatida hatt auka fokus på at kyrkjelydane lyt tenkje lengre enn dei mange gonger gjer når dei annonserer eller presenterer seg. Mange er smålåtne når annonsering berre skjer internt og gjennom formidling på eiga nettside, plakat eller i lokalavis. Ofte når ikkje kyrkjelyden sine eigne digitale kanalar langt, og ein kan undre seg over om det er sjenanse og mindreverdskjensle som er årsak til at ein er forsiktige med eiga marknadsføring. For mange som ikkje høyrer til kyrkjelyden sine kjernetroppar har det vore vanskeleg å finne fram til både fysiske samlingar og til gode digitale produksjonar. Bispedømmet har i fleire vnder presentert kyrkja sin nye plakatstolpe “www.skjerikirken.no”, men har støytt på ein del innvendingar lokalt, og har sett at det har teke lang tid for kyrkjelydane å venne seg til eit breiare publikum/sivilsamfunnet.

To innvendingar er tydelege: Det eine rører ved ein av dei største digitale utfordringane i kyrkja; manglande integrasjon mellom datasystem lokalt og regionalt/nasjonalt. Mange fellestråd har dataløysingar knytte til tenesteyting frå kommunen - og brukar programvare

som kommuniserer dårleg med Kyrkjepartner sine tenester. Det følest som at meirarbeidet som kyrkjelydane opplever på grunn av manglande dataintegrasjon, ikkje forsvarer effekten av å bli synleg på denne digitale arenaen.

Vidare viser lokalkyrkjelydane til at kostnadane med å knyte seg til Kyrkjepartner sine system gjer det uaktuelt. Frå bispedømmet ser vi at ein av dei viktige føresetnadane for å utvikle ein sams kyrkjeleg organisasjon enno ikkje er til stades. Eit viktig tiltak i Møre bispedømme er å styrkje digital- og kommunikasjonssamhandling gjennom å opprette ei ny stilling som rådgivar i kommunikasjon og digitalisering. Eit særleg arbeidsfelt vil vere å utvikle dialog, samhandling og samskaping med kyrkjelydane og med kyrkjerådet.

Koronapandemien har gjort det vanskeleg å realisere mange av dei planlagde tiltaka. Likevel er vi stolte over at vi har fått realisert gode tiltak som langt på veg har løfta innsikt og merksemd på bispedømmet sine satsingsområde. Bispedømmet har brukt 1,7 millionar gjennom ei støtte og stimuleringsordning som har fått namnet "Vekstmidlar". Med utgangspunkt i bispedømmet sine satsings- og fokusområde har bispedømmet fått vere med på å skape mange gode arenaer som har skapt rekrutterande miljø, diakonale møtestader og frivillig innsats. Kyrkja har verkeleg marknadsført seg som sivilsamfunnsaktør, og har betydd noko for mange gjennom dei arenaer som blei skapt. Tildelingskriteria hadde desse formuleringane:

Tiltak for å styrkje gudstenestelivet / Diakonale satsingar i kyrkjelydane / Tiltak som styrker kyrkja si trus-opplæring og verksemd blant barn og unge / Tiltak som styrker oppslutninga om dåp / Kyrkjemusikalsk verksemd / Kulturverksemd / markering av Hans Nilsen Hauge-jubileum i 2021 / Tiltak for å rekruttere, utruste og følge opp frivillige / Tiltak som styrkjer stabfelleskap og stabsutvikling / Retreat for tilsette.

For å dokumentere breidda av tiltak som fekk støtte gjennom ordninga, kan nemnast: Pilegrimstur /fleire stabsutviklingstiltak/ Kyrkjelydscruise på Hjørundfjorden / Inspirasjonstur for stab og sokneråd / Mange konsertar (julekonsert i Todal, "Eg spelte på fløyte», «Bach i gudstenesta» og mange andre) / Frivillighetskveld / Språk-kafe for innvandrara / Lederkonferanse / Støtte til Hans Nilsen Hauge-jubileet / Kristen yoga.

I alt har over 90 tiltak blitt gjennomførte med hjelp av vekstmiddelordninga! Det er ei glede å kunne vise til denne mangfaldige aktiviteten i eit år då landet på det næraste var stengt.

Den norske kyrkja post korona:

Når kyrkjerådet inviterer til framsyn omkring korleis kyrkja kan bidra til at sivilsamfunnet kjem på fote igjen etter koronapandemien, så ligg det som er skrive over om den kyrkjelege prosessen knytt til organisering, trykket på kyrkja sitt oppdrag og på biskop Ingeborg sin bispeteneste, til grunn. Vidare er det bispedømmet si overtyding at dei prioriteringar som satsings- og fokusområda har identifisert, har halde ved like og ved nokre høve styrka kyrkja sin kontakt med sivilsamfunnet.

Det er likevel ikkje naturleg å stanse utvikling eller slå seg til ro med at kyrkja i Møre sin kontakt med sivilsamfunnet er god nok.

Samskaping som utgangspunkt for kontakt med sivilsamfunnet

Møre bispedømme har registrert eit klimaskifte i måten det offentlege tenkjer om samarbeid og samhandling med samfunnsinstitusjonar og frivillige organisasjonar. Omgrepet "samskaping" har ført til ei litt justert sjølvforståing i det offentlege om tilhøvet til kyrkja og andre livssynsorganisasjonar. Haldningsendringa gir signal om at ein vil utvikle eit samfunn som skal vere livssynssope og ikkje lenger livssynsnøytralt. Kyrkja opplever, oftare enn før, å

bli invitert til samskaping med det offentlege og med frivillige og ideelle organisasjonar. Bispedømmet var i grunnen skuffa då dei to diakonalt retta prosjekta som inviterte til samskaping og samhandling med det offentlege og sivilsamfunnet ikkje fekk støtte gjennom sentrale tilskot frå kyrkjerådet. Det eine av desse prosjekta har ikkje difor ikkje blitt realisert, medan det andre (samtaleprosjektet «13+»), ei lokalt utforma samtaleteneste utvikla i samarbeid med lokal helsestasjon, er lansert som samtaletilbod for unge, frå ungdomsskulealder, som kjenner på psykiske utfordringar.

Hovudstrategien for bispedømmet med omsyn til eige bidrag til at sivilsamfunnet kan komme på fote, er å vidareføre møtepunkt og arenaer på regionalt nivå. Møre biskop, som person og som organ, vil framleis vere synleg på regionale arenaer, ved å la si stemme bli høyrte og gjennom personleg engasjement. Bispedømmet har hatt ei viktig rolle, og vil gjerne ha ei viktig rolle i vidare utvikling av Kystpilegrimsleia og Valldalsleden. Bispedømmet sin nye kulturplan har også ambisjonar om å samhandle med regionale kulturaktørar, både på konsert-, litteratur-, kunst- og festivalfronten. Bispedømmet har også eit ønske å bidra med dialog inn mot dei fylkeskommunale fora, med omsyn til å utvikle og trygge skule-kyrkje-arbeidet som god samhandlingsarena. I tillegg vil bispedømmet føre Vekstmiddel-ordninga vidare, og bruke av midlane ein rår over til å stimulere og styrke lokalkyrkjelydane sitt arbeid og sivilsamfunnsengasjement.

Innspel til andre konkret retta tiltak kan vere å skape stader som kan gi arbeidstrening og bidra til at dei som fell utanfor arbeidsmarknaden kan førast tilbake til yrkesliv og deltaking i samfunnet. Bispedømmet ser også for seg at ordninga med open kyrkje bør utvidast til eit heilt anna nivå enn ein ser mange stader. Ein annan arena der Møre bispedømme har gjort mykje godt arbeid er gjennom innsatsen for ordninga “Prest Under Utdanning” (PUU). Dei 4 presteordinasjonane som er under planlegging i 2022 er alle for kandidatar som har vore ein del av ordninga PUU. Desse nye prestane sin erfaringsbakgrunn bidreg allereie til å gjere kyrkja, kyrkja sitt liv og kyrkjeleg teneste synleg for fleire grupper og i nye samanhengar (fortellinga til den nye fengselspresten i Hustad fengsel).

I andre samanhengar har bispedømmet lansert tanken om å marknadsføre kyrkja som tenestestad for arbeidsveke, for OD-dag og for å sertifisere kyrkja som lærlingplass. Ved å rekruttere og bli synleg på nye arenaer, trur bispedømmet også at kyrkja kan bli relevant for nye grupper og for fleire enn menneske som er vaksne opp i trusopplæringstiltak og kyrkjeleg barne- og ungdomsarbeid.

2022 er lansert som frivilligheitsåret. I Rauma starta dei frivilligheitsåret ved at kyrkja, frivilligheitssentral og Raudekrossen gjekk saman om organisering av besøksteneste i kommunen. I samarbeid med andre som er engasjert i arbeid mot vald og overgrep, ser vi også at kyrkja bør skape gode gudstenestearenaer som set fokus på utsette grupper.

Bispedømmet ser også behovet for å revitalisere ungdomsarbeidet, særleg for unge over 15 år. Vi erkjenner at konfirmantarbeidet treng fornyast. Den eine grunnen handlar om utfordrande rekrutteringssituasjon, men ei viktigare årsak er at det tradisjonelle konfirmantarbeidet, med klasseundervisning og samlingar slik dei har sett ut gjennom mange år, treng fornyast, både med omsyn til form og innhald. Vi erkjenner at ungdomsdemokratiet treng inspirasjon og vi har alt sett i gong arbeidet med å auke presteressursar til studentprestetenesta. Bispedømmet stimulerer nystarting av arbeid for innvandrargrupper i Ålesund, i samarbeid med KIA (Kristent Interkulturelt arbeid) og bispedømmet støttar og biskopen tar del på den tverrkyrkjelege leiarkonferansen for ungdom, “UngTro”. Den likevel største satsinga på dette feltet får uttrykk i at Bispedømmet er i gang med å utvikle prosjektet “FollowMe” for aldersgruppa 15 – 30 år, gjennom samskaping med organisasjonen NMSu. Mange stader er dei kristne ungdomsmiljøa små og sårbare. Et stikkord for satsinga er nettverksbygging og møtearenaer for ungdommar i kyrkjelydar og organisasjonar rundt om i bispedømmet.

Svaret på kyrkerådet sin invitasjonen til korleis kyrkja sitt diakonale og samfunnsbyggjande arbeid kan bli gjort synleg som en del av sivilsamfunnet, har fått mykje av svaret sitt i avsnitta som over. Systematisk og avslutningsvis kan vi summere opp 3 sentrale punkter som kan synleggjere dette arbeidet:

- a. Identifisering av samskapingsarenaer
 - Bispedømmet må identifisere aktuelle regionale einingar/organisasjonar/etatar som er aktuelle og villige til å gå inn på samskapingsarenaer med kyrkja. Bispedømmet må også vegleie lokalkyrkja og gi frimot til kyrkjelydane til å bruke ressursar og tid på samhandling.
- b. Samarbeid om Prosjektutvikling
 - Prøve å utvikle prosjekt saman, Prosjektet i Vestnes som har fått namnet "13+" er eksempel på slike tiltak. Andre eksempel kva vere diakonal samhandling på fleire område og med andre aktørar. Vidare ser vi at samhandling med kyrkja sine (og andre sine) barne- og ungdomsorganisasjonar, kan tilføre mykje god kompetanse og bidra til gjensidig eksponering for involverte.
- c. Utvikle samhandling/info på digitale plattformer
 - Ein regional kommunikasjonsplan må utviklast, og bispedømmet må finne fram til digitale plattformer som speglar kyrkja og kyrkjelydar, som er relevant og som i språk og form som når fram til aktuelle målgrupper.

Ei ny erkjenning tar etter kvart form. Frå å vere den store meiningsberaren for mange, samfunnsinstansen som har gitt svar på livet sine store spørsmål, lyt kyrkja finne ein ny diakonal identitet, ved å lytte, ved å våge å vere til stades i andre sitt liv og ved å spørje etter kva som er folk sine behov. Utan å misse av syne kva som er kyrkja sitt oppdrag, lyt kyrkja våge å redefinere metode og form. Ikkje minst på veg ut av ein pandemi er det viktig at kyrkja sitt mål ikkje er å kopiere fortida slik den såg ut før pandemien, men å nyskape tida for alle dei som kyrkja er sett til å tene.

DEL 6 - ÅRSREKNESKAP

Leiinga sine kommentarar til årsrekneskapen 2021

Innleiing

Ved utgangen av 2021 var det tilsett 88,9 årsverk høyrande til Møre bispedømeråd, fordelt på 76,5 årsverk prestestillingar og 12,4 årsverk administrasjon/rådgjevarstillingar. Det blir arbeid systematisk med arbeidsmiljøet for dei tilsette og i visjonsdokumentet blir dette uttrykt slik: "Medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap". Bispedømet har rutinar for melding av avvik og varsling av kritikkverdige tilhøve. Desse er under utvikling i samråd med Kyrkjerådet.

Vurdering av vesentlege forhold

I 2021 har Møre bispedømeråd samla disponert kr 112 mill. etter tildeling frå Kyrkjerådet. Av dette er kr 20,5 mill. øyremerkte midlar innanfor trusopplæring, diakoni, undervisning og kyrkjemusikk i kyrkjelydane. Midlane er vidareformidla til fellesråd etter fastlagde kriterium.

Tildeling frå Opplysningsvesenets fond på kr. 502.000 er nytta innanfor kriteria til kyrkjelege prosjekt i bispedømet som del av vekstmiddelordninga.

Samla løns- og driftsutgifter til presteteneste og administrasjon var på kr. 78 mill. Dette er eit rekneskap i balanse i høve til tildelinga frå Kyrkjerådet.

For presteskapet er løn som budsjettert. For administrasjonen har det vore brukt mindre på løn enn budsjettert, som følgje av ledig stillingar og sjukefråvær utan vikarar. Det har vidare vore mindre reise- og kursverksemd som følgje av pandemi. Dette har gitt eit handlingsrom tilsvarende 1,2 mill. kr., som over drift er gitt som tilskot til kyrkjelydar for auka aktivitet etter pandemi (Vekstmidlar).

Møre bispedøme har eit akkumulert overskot frå tidlegare år. Det er ei målsetting at akkumulert overskot innan rekneskapsåret 2023 ikkje skal vere den grensa (3% av tildeling) som Kyrkjerådet har sett.

I 2021 er det ikkje gjort investeringar. Møre bispedømeråd har ikkje eigardeler eller interesser i andre verksemdar. Rekneskapen for Møre bispedøme inngår i den samla rekneskapen for rettssubjektet Den norske kyrkja, og blir revidert av revisjonsfirma Ernst og Young AS.

Molde, mars 2022



Ann-Kristin Sørvik

Bispedømerådsleiar



Bjørn Olaf Storhaug

Stiftsdirektør

Budsjettgruppe 1 drift

Møre bispedømmeråd fekk i 2021 ei samla tildeling på kr 111 178 000 frå Kyrkjerådet. Driftstildelinga for 2021 var på kr 78 050 000.

Møre bispedømmeråd har eit forbruk på drift som er kr 5 000 lågare enn budsjettert i 2021.

	Regnskap	Budsjett	Avvik
Budsjettgruppe 1 - Driftsregnskapet	31.12.2021	31.12.2021	
Inntekter	-450	-397	53
Tilskudd/varekjøp	1 165	40	-1 125
Lønnskostnader	68 690	70 021	1 331
Andre driftskostn	8 639	8 385	-254
Sum budsjettgruppe 1	78 044	78 049	5

Budsjettgruppe 2 tilskot

Møre bispedømme blei tildelt kr 33 128 000 i tilskot til trusopplæring, diakoni, undervisning, kyrkjemusikk og midlar frå Opplysningsvesenets fond. Det blei utbetalt kr 19 825 000 i tilskot til kyrkjelydar til trusopplæring og kr 13 843 000 til diakonstillingar, kateketstillingar og tilskot til kyrkjemusikk. I tillegg blei det utbetalt kr 503 000 i midlar frå Opplysningsvesenets fond.

	Regnskap	Budsjett	Avvik
Budsjettgruppe 2 og 3 - Tilskudd *	31.12.2021	31.12.2021	
Trosopplæring	19 825	20 360	535
Diakoni	6 202	6 400	198
Undervisning	6 717	5 701	-1 016
Kirkemusikk	165	165	-
Domkirke (Oslo og Nidaros)			-
Annet (inkl OVF)	503	502	-1
Gruppe 3 (kun KR)			-
Sum budsjettgruppe 2 og 3	33 412	33 128	-284

Særskilt om OVF-tilskotet

Tilskotet frå OVF blei tildelt på bakgrunn av søknader. Tildelinga i 2021 var på kr 502 000.

Spesifikasjon av Ovf-midlene:	2021		
	Regnskap	Budsjett	Avvik
OVF			
Administrasjon - 491			-
Diakoni - 492			-
Barn og unge - 493	85		-85
Gudstjenesteliv - 494	89		-89
Kirkemusikk og kultur -495	294		-294
Samisk kirkeliv -496			-
Andre fellestiltak (inkl SMM) - 497	35		-35
Internasjonale og økumeniske organisasjoner -498			-
		502	502
Ovf total (for rapportering til Ovf)	503	502	-1

